



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2005–2006)

Om Noregs deltaking i Europarådet i 2005

Innhold

1	Eit historisk prosjekt	5	5.2.1	Sivilrettsleg samarbeid	17
			5.2.2	Strafferettsleg samarbeid	17
2	Europarådet sitt tredje toppmøte	6	5.2.3	Folkerett	18
			5.3	Sosiale spørsmål	18
3	Det politiske samarbeidet	6	5.3.1	Sosialt samho�r og sosialpolitikk	18
3.1	Europarådet. Medlemsland og institusjonar	6	5.3.2	Tilgang til sosiale rettar	18
3.2	Det 115. m�tet i ministerkomiteen ..	7	5.3.3	Helsekomiteen	19
3.3	Utviklinga i medlemslanda	8	5.3.4	Bioetikk-komiteen	19
3.3.1	Europarådet sitt engasjement p� Balkan	8	5.3.5	Kampen mot narkotikamisbruk	19
3.3.2	Europarådet sitt engasjement i Kaukasus	9	5.4	Innvandringssp�rsm�l og nasjonale minoritetar	20
3.3.3	Europarådet sitt engasjement i Ukraina og Moldova	9	5.4.1	Nasjonale minoritetar	20
3.4	Europarådet sitt arbeid mot internasjonal terrorisme	10	5.4.2	Innvandringssp�rsm�l	20
3.5	Samarbeidet med andre organisasjonar	10	5.5	Born og ungdom	20
3.6	Europarådet sitt budsjett	11	5.5.1	Barnepolitisk samarbeid	20
			5.5.2	Ungdomspolitisk samarbeid	21
			5.6	Kultur, media og idrett	21
			5.6.1	Kultur	21
			5.6.2	Media	21
			5.6.3	Idrett	22
			5.7	Utdanning	22
4	Menneskerettar og demokrati	11	5.8	Kulturminneforvaltning og naturforvaltning	23
4.1	Den europeiske menneskerettskonvensjonen	11	5.9	Regionalt og kommunalt samarbeid	23
4.2	Den europeiske menneskerettsdomstolen	12	5.10	Dyrevern	24
4.3	Den reviderte europeiske sosialpakta	13			
4.4	Europar�dets menneskerettskommiss�r	13	Vedlegg		
4.5	Vern av nasjonale minoritetar	14	1	Erkl�ringa fr� det tredje toppm�tet 16.–17. mai 2005 i Warszawa...	25
4.6	Veneziakommisjonen	14	2	Handlingsplan fr� det tredje toppm�tet mellom stats- og regjeringssjefane i Europar�det (Warszawa, 16.–17. mai 2005)	28
4.7	Den europeiske torturkomiteen	15	3	Tale av statsminister Bondevik til det tredje toppm�tet i Warszawa 16. mai 2005	37
4.8	Nord-s�r-senteret	15	4	Medlemsland i Europar�det i 2005 ...	39
4.9	Forum for demokrati	15	5	Rettsakter som Noreg har slutta seg til fr� 1. januar 2005 til 31. desember 2005	40
5	Det mellomstatlege samarbeidet	15	6	Forkortingar av ekspert- og styringsgrupper der Noreg deltek	49
5.1	Menneskerettar, likestilling og menneskehandel	15			
5.1.1	Menneskerettar	15			
5.1.2	Likestilling	16			
5.1.3	Menneskehandel	16			
5.2	Juridisk samarbeid	17			



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2005–2006)

Om Noregs deltaking i Europarådet i 2005

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. april 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Eit historisk prosjekt

Regjeringa meiner hovudutfordringa for Europarådet i åra framover er å styrkje oppfølginga av pliktene som medlemslanda har teke på seg til å etterleve dei europeiske grunnverdiane: menneskerettar, demokrati og rettstryggleik. Samarbeidet i Europarådet dekkjer eit breitt spekter av samsynsområde. Nærare 200 konvensjonar er utarbeidde. Europarådet har styrkt rolla si som garantist for eit felles rettsleg grunnlag på sentrale samsynsområde. Det er Regjeringa sitt syn at samarbeidet i Europarådet såleis er ein viktig del av arbeidet for å fremje multilaterale løysingar på sentrale utfordringar i Europa.

Europarådet sitt viktigaste arbeid dei seinaste åra har vore å medverke til ei demokratisk utvikling i heile Europa og byggje ned dei politiske skilja mellom aust og vest. Etter den kalde krigen er talet på medlemsland meir enn dobla. Europarådet har no 46 medlemsland med 800 millionar innbyggjarar. Den framleis ustabile situasjonen på Balkan og i fleire av landa og områda i det tidlegare Sovjetunionen syner at dei utfordringane som låg til grunn for skipinga av Europarådet, framleis er høgst aktuelle. Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i Strasbourg er berebjelkar i forvaltinga av menneskerettane i Europa. Regjeringa vil at Noreg skal vere ein pådriver for å få gjennomført ei naudsynt reform av det europeiske menneskerettssystemet, først og

fremst for å sikre framtida til domstolen. Bakgrunnen for reformprosessen er mellom anna at bunken av uhandsama saker i domstolen er raskt veksande. I mai 2004 vart det vedteke ein reformpakke med tiltak for å effektivisere sakshandsaminga ved domstolen, for å betre statane si oppfølging av dommane og for i større grad å førebyggje og rette opp menneskerettsbrot på det nasjonale planet. For å støtte opp om dei nasjonale tiltaka må Europarådets arbeid med opplæringsprogram og anna hjelp til dei nye medlemslanda styrkjast.

Europarådet har over tid gjort ein verdifull innsats for å fremje tverreligiøs og tverrkulturell dialog. Regjeringa finn Europarådet godt eigna som forum for å vidareføre innsatsen i høve til denne viktige problematikken.

Regjeringa ynskjer å medverke til å vidareutvikle samarbeidet mellom Europarådet og andre organisasjonar som EU, FN og OSSE. EU-utvidinga har stilt store krav til ei klarare rollefordeling mellom EU og Europarådet. Det er særleg viktig å unngå at det vert utvikla konkurrerende standardar for menneskerettar i Europa. Regjeringa går inn for at EU knyter seg til det rammeverket som alt finst på ulike område i Europarådet. Frå norsk side vil vi halde fram arbeidet med å få gjennomført reformer i organisasjonen for å sikre at Europarådet vert stadfesta som ein open og kostnadseffektiv organisasjon. Reformene vil medverke til å gje Europarådet den posisjonen som organisasjonen har krav på i den europeiske samarbeidsarkitekturen.

2 Europarådet sitt tredje toppmøte

Europarådet sitt tredje toppmøte vart halde i Warszawa 16.–17. mai 2005. Møtet medverka til å fremje samkjensle og einskap i Europa. For første gong vart alle innlegg og debattar sendt direkte over Internett. Det vart vedteke ei politisk erklæring og ein handlingsplan med retningslinjer for samarbeidet framover.

Frå norsk side deltok vi aktivt i førebuinga av vedtaka på toppmøtet og fekk saman med dei andre nordiske og dei baltiske landa gjennomslag for ei rekkje saker, først og fremst styrking av det europeiske menneskerettssystemet, samarbeidsavtala om tettare samordning med OSSE og tiltak for på sikt å gjere organisasjonen opnare og meir kostnadseffektiv.

Toppmøtet gjorde vedtak om å oppnemne ei vismannsgruppe til å kome med nye framlegg til å sikre effektiviteten til domstolen på lang sikt. Det vart gjeve sterk tilslutning til at Europarådet skal vere ein garantist mot tilbakeslag og udemokratiske tendensar i medlemslanda. Ei rekkje land peika òg på nytta av at Europa, i høve til utfordringane på det globale planet, står fram som ein forsvaret av desse rettane.

Demokrati og godt styresett skal styrkjast gjennom å skipe eit forum for framtida til demokratiet, med deltaking ikkje berre av styresmaktene, men òg det sivile samfunnet. Forumet skal møtast årleg for å setje søkjelys på aktuelle problem og utfordringar for demokratiet. Samarbeidet mellom kommunar og regionar på tvers av landegrensene skal styrkjast ved å skipe eit eige ekspertssenter for godt styresett på lokalplanet.

Arbeidet for å skape større forståing mellom kulturar og religionar fekk eit gjennomslag på toppmøtet. Det vart vedteke å oppnemne ein samordnar som skal samordne tiltak og førebu dialog med regionar som grensar til Europa. Alle medlemslanda forplikta seg til å fremje tverrkulturell og tverreligiøs dialog. Det faglege innhaldet i skuleverket i Europa skal utformast slik at det gjev større kunnskap om tverrkulturelle tilhøve, og utveksling av unge skal hjelpast fram, både mellom medlemslanda og i høve til granneland til Europa. Det vart vidare gjort fleire vedtak for å styrkje dei humane og sosiale verdiane, slik at Europa skal stå fram som ein global rollemodell for humanitet.

Det vart teke steg for å møte trugsmål mot tryggleiken til borgarane i Europa gjennom tre nye konvensjonar mot terrorisme, menneskehandel og kvitvasking, samt eit styrkt samarbeid mot organisert kriminalitet, korrupsjon og kriminalitet i infor-

masjonssamfunnet. Med desse vedtaka er det teke steg mot meir alleuropeisk samhandling på grunnlag av felles kjerneverdier. Sosiale rettar og tiltak for ungdom skal styrkjast. Kampanjearbeid for ulike sårbare grupper og offer for menneskehandel, funksjonshemma, born, kvinner og framandkulturelle skal setjast i gang. Det vart vedteke eit treårig handlingsprogram for å styrkje barnerettar og ein tiårig handlingsplan for å skape like vilkår og rettferd for funksjonshemma. Det vart òg vedteke å utforme eit handlingsprogram mot vald i kvardagen.

Toppmøtet gav styringssignal om eit nærare samarbeid mellom Europarådet og OSSE og mellom Europarådet og EU. På møtet vart ei samarbeidsavtala mellom Europarådet og OSSE godkjend. Avtala inneber at dei to organisasjonane i første omgang skal samordne verksemdene sine i kampen mot terrorisme, menneskehandel og intoleranse og samarbeide om tiltak for nasjonale minoritetar. Det var òg semje om eit mandat om forsterka og utdjupa samarbeid mellom Europarådet og EU. Det skal utarbeidast ei samarbeidsavtala mellom dei to organisasjonane.

Etter innspel frå dei nordiske og baltiske landa vart det òg vedteke å gjere tiltak for å gjere organisasjonen opnare og meir kostnadseffektiv. Organisasjonsstrukturen og arbeidsmetodane til organisasjonen må verte meir effektive for å kunne halde stramme budsjettammer. Arbeidet vart sett i gang umiddelbart, og det er bedt om ein rapport om framdrifta til det neste møtet mellom utanriksministre i mai 2006.

Regjeringa vil framleis følgje opp dei sakene som Noreg gav særskild prioritet på toppmøtet. Noreg skal øve påtrykk for å få gjennomført reforma av menneskerettssystemet, for å utvide samarbeidet med andre organisasjonar og for å medverke konstruktivt i reformarbeidet i sjølve organisasjonen. Frå norsk side vil vi òg følgje opp vedtaket om å styrkje innsatsen for tverreligiøs og kulturell dialog, skipinga av eit ekspertssenter for lokaldemokrati, og medverke i kampanjearbeidet for sårbare grupper.

3 Det politiske samarbeidet

3.1 Europarådet. Medlemsland og institusjonar

Av det som i dag er 47 potensielle medlemmer til Europarådet, er Kviterussland det einaste landet som enno ikkje er medlem. Handsaminga av søknaden frå Kviterussland er framleis suspendert på

grunn av dei innanrikspolitiske tilhøva i landet. Dei grunnleggjande vilkåra for medlemskap i Europarådet er eit fungerande demokratisk styresett med frie val, respekt for rettsstaten og vern om menneskerettane, medrekna minoritetsvern. Kviterussland har enno eit godt stykke igjen før vilkåra er oppfylte. På toppmøtet kom det kritikk av regimet i Minsk fordi det nekter folket sitt dei rettane som krevst for medlemskap i Europarådet.

Dei politiske hovudorgana i Europarådet er ministerkomiteen og parlamentarikarforsamlinga. Ministerkomiteen består av utanriksministrane i medlemslanda. Ei omlegging til årlege i staden for halvårlege møte er framleis under utprøving. Noreg er positiv til ei slik reform. Vi ynskjer at møta skal innehalde meir aktuell politisk debatt og såleis kunne medverke til å utnytte organisasjonen fullt ut. Mellom møta i ministerkomiteen har komiteen av faste representantar fullmakt til å gjere vedtak på vegner av Europarådet. I komiteen av faste representantar, som normalt møter ein gong i veka, sit ambassadørane i Strasbourg. Parlamentarikarforsamlinga er samansett av representantar for nasjonalforsamlingane i medlemslanda og har ein rådgevande funksjon i høve til ministerkomiteen. Forsamlinga samlast til fire sesjonar i året, kvar på ei veke. Den norske delegasjonen til parlamentarikarforsamlinga omfattar ti stortingsrepresentantar – fem medlemmer og fem varamedlemmer. Stortingsrepresentant Per-Kristian Foss er formann for den norske delegasjonen. Den politiske situasjonen i Aserbajdsjan og Moldova, omveltingane i Georgia og Ukraina, samt konflikten i Tsjetsjenia stod i 2005 sentralt i arbeidet til parlamentarikarane.

Den europeiske menneskerettsdomstolen skal sjå til at medlemslanda etterlever den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som tok til å gjelde i 1953. I domstolen sit ein dommar frå kvart av medlemslanda. Sverre Erik Jebens er norsk dommar (sjå nærare kap. 4.2).

Eit anna sentralt organ er Kongressen for lokale og regionale styresmakter, som møtest ein gong i året, og som er samansett av folkevalde representantar for kommunale og regionale styresmakter i medlemslanda. Kongressen arbeider for å fremje lokalt og regionalt demokrati og sjølvstyre. Kongressen tek òg initiativ til samarbeidsprosjekt på lokalt og regionalt nivå, med særleg vekt på demokratiutvikling og oppbygging av lokale og regionale styresmakter i dei nye medlemslanda. Frå Noreg deltek representantar for kommunar og fylkeskommunar. Kongressen arbeider i to kammer – eitt for regionale og eitt for lokale folkevalde.

Leiar i KS, Halvdan Skard, er president i lokalkammeret.

Europarådet sin utviklingsbank (CEB) er ei vidareføring av det tidlegare europeiske sosialfondet. Banken har 38 medlemsland og gjev lån til prosjekt til flyktnings- og asylføremål, infrastruktur, utvikling av små og mellomstore føretak, utbygging av helse- og sosialektoren og støtte til offer for miljøkatastrofar. Banken prioriterer dei nye medlemslanda i Sentral- og Aust-Europa. Noreg har skipe eit eige fond for pilotprosjekt i land på Balkan og vil ta initiativ til å skipa eit fond for å betre den nasjonale oppfølginga av menneskerettskonvensjonen i dei landa som er opphav til flest klager til EMD. Noreg sit i styret for banken.

Noreg hadde formannskapet i ministerkomiteen frå mai til november i 2004 og sat i byrået fram til i november 2005. Det gav eit særskilt godt høve til å påverke dagsordenen og samarbeide tett med dei landa som hadde vervet i 2005: Polen, Portugal og Romania.

3.2 Det 115. møtet i ministerkomiteen

Ministtermøtet vart halde i Strasbourg 16.–17. november 2005. Romania tok over som formann etter Polen. Hovudtemaet for møtet var status for oppfølginga av handlingsplanen som vart vedteken på toppmøtet. Debatten dreidde seg difor om dei fire hovudpunkta: styrking av menneskerettssystemet, tiltak for å styrkje demokratiet i Europa, styrking av den menneskelege dimensjonen, samarbeid mellom Europarådet, EU og OSSE, og reformarbeidet for å gjere organisasjonen meir effektiv. Ministrane oppmoda sterkt alle landa til å ratifisere protokoll 14 til EMK så snart som mogleg. Protokollen inngår i reformpakken som skal sikre framtida til EMD. Russland, som er den einaste medlemsstaten som ikkje har underskrive protokollen, viste ei meir positiv tilnærming enn tidlegare. Mange uttrykte forventning til det utvida samarbeidet med EU og det pågåande arbeidet med å forhandle fram ei samarbeidsavtale.

Det norske innlegget støtta eit tettare samarbeid mellom Europarådet og EU og vidareutvikling av samarbeidsavtala mellom Europarådet og OSSE. Det alleuropeiske perspektivet på samarbeidet var viktig. Samstundes måtte ein unngå dobbeltarbeid og utnytte dei komparativt største fordelane i kvar av organisasjonane. Noreg gav sterk støtte til å styrkje Den europeiske menneskerettsdomstolen og var mest eksplisitt på at domstolen må få tilført ekstra ressursar alt frå 2006. Noreg framheva òg at det trengst å reformere og effektivisere Europarådet. Debatten spegla brei støtte til

tiltaka som alt var sett i gang for å følgje opp handlingsplanen, men mange land ynskte fortgang i den vidare oppfølginga av konklusjonane frå toppmøtet.

3.3 Utviklinga i medlemslanda

I tillegg til den vedvarande debatten om aktuelle politiske spørsmål i medlemslanda har ministerkomiteen skipa systematiske mekanismar for å sjå til at medlemslanda oppfyller pliktene sine på kjerneområda til Europarådet. På grunnlag av innspel frå medlemslanda utarbeider generalsekretæren regelmessige rapportar om medlemslanda på spesifikke felt. På grunnlag av rapportane vert situasjonen vurdert på møte i komiteen av faste representantar. Konklusjonane frå desse møta gjev viktige retningslinjer for samarbeidsprogramma til Europarådet.

Situasjonen i Tsjetsjenia har vore kontinuerleg på dagsordenen. Ved utgangen av 2005 var det framleis grunn til djup uro over tilhøva i delrepublikken. Ministerkomiteen har dessutan følgd nøye med på utviklinga i Armenia og Aserbajdsjan. Valet på ny nasjonalforsamling i Aserbajdsjan i november fekk særleg fokus. Utviklinga på Balkan har òg stått sentralt, både når det gjeld situasjonen i Bosnia-Hercegovina, Kosovo og Serbia og Montenegro. Hendingar i Ukraina, Moldova og Georgia har på same vis vorte følgde nøye.

3.3.1 Europarådet sitt engasjement på Balkan

Europarådet har også i 2005 lagt ned eit stort arbeid i prosessen med å stabilisere dei politiske tilhøva på Balkan. Mykje av dette arbeidet har gått føre seg innanfor ramma av pakta for stabilitet for Sørøst-Europa, men Europarådet har òg gjennomført eigne program i regionen. Ministerkomiteen har arbeidd med å integrere europeiske strukturar i landa i dette området, men det vil framleis vere ei stor utfordring å skape stabile tilhøve på Balkan. Europarådet har skipa fleire kontor, som er samlokaliserte med feltkontora til OSSE i Beograd, Pristina, Sarajevo, Podgorica, Skopje og Tirana. Assistanse innan politiarbeid og arbeid knytt til utviklinga av rettsstaten står fremst blant oppgåvene i området. Europarådet har eit særleg ansvar på det sistnemnde feltet.

Serbia og Montenegro vart medlem av Europarådet i 2003. Det vart då lagt opp ein strategi for korleis landet skulle etterkomme det medlemskapen forpliktar til. Styresmaktene har vist gode intensjonar, og mange av konvensjonane til Europarådet er

snart underskrivne og ratifiserte. Biletet av situasjonen i landet er likevel blanda. Særleg med omsyn til konstitusjonell reform, opplæring av dommarar og tiltak mot organisert kriminalitet og korrupsjon står mykje arbeid att. Blant dei aktuelle satsingsområda er demokratiske institusjonar, vern av menneskerettar og minoritetar, samsvar med prinsippa for rettsstaten og utdanning. Fullt samarbeid med Den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) er framleis ikkje oppnådd, og styresmaktene treng å attskape tilliten på dette området.

Europarådet har vore til stades i Kosovo sidan krigshandlingane tok slutt, i samsvar med trykingsrådsresolusjon 1244 om Kosovo. Organisasjonen har samarbeidd med representantar for det internasjonale samfunnet på staden. Viktige arbeidsområde er bruk av Europarådet sine mekanismar for vern av menneskerettar, tilnærming til europeiske standardar, gjennomføring av korrupsjonslover, desentralisering og restaurering av kulturarven. Hausten 2005 vart det i samarbeid med Europakommisjonen gjennomført eit pilotprosjekt for folketeljing i Kosovo.

Også i Bosnia-Hercegovina har Europarådet heldt fram arbeidet på satsingsområda sine etter at landet vart medlem av organisasjonen i 2002. Ein har ynskt velkomen dei framstega som har vorte gjorde, og har oppmoda styresmaktene til å arbeide vidare med å gjennomføre demokratiske reformer. Det har vorte gjennomført reformer innanfor politiet, forsvaret og kringkastinga. Også innanfor domstolen, og då særleg kammeret for krigsforbrytarar og i arbeidet til Srebrenicagrappa, kan det merkast ei betring. Særleg merksemd har vorte vist situasjonen i skulen med separat undervisning for dei etniske gruppene. Ministerkomiteen har fleire gonger oppmoda Bosnia-Hercegovina til å finne ei løysing. Veneziakommisjonen gav ei tilråding i mars, der trongen for konstitusjonell reform vart framheva. Ministerkomiteen har difor oppmoda styresmaktene til å institusjonalisere samtaler om å fase ut funksjonane til Høgrepresentanten. Det er utarbeidd eit strategidokument for arbeidet til Europarådet dei neste to åra.

I høve til pakta om stabilitet for Sørøst-Europa konsentrerer Europarådet engasjementet sitt om utvikling av lovgjeving som er i samsvar med den europeiske menneskerettskonvensjonen. Det vert fokusert på styrking av lokalt demokrati, oppnemning av ombodsmenn, respekt for nasjonale minoritetar, styrking av ytringsfridom, frie media og utvikling av utdanningsprogram. Dagsordenen er ambisiøs, men er uttrykk for prioriteringar som er

grunnleggjande for arbeidet i Europarådet. Dette er heilt i tråd med norske prioriteringar.

3.3.2 *Europarådet sitt engasjement i Kaukasus*

Kaukasus er framleis høgt prioritert. Regionen er prega av uløyste konflikhtar som hindrar demokratisk utvikling. Ministerkomiteen har følgd utviklinga nøye, og fleire tiltak er sette i gang for å gje hjelp i arbeidet med reformer. Situasjonen er enno prega av nokre framsteg, men òg somme tilbake-steg.

Armenia og Aserbajdsjan vart begge medlemmer av Europarådet i 2001. Europarådet har eigne rådgjevingsskontor i Jerevan og i Baku. Landa har forplikta seg til å halde fram dialogen om å finne ei fredelig løysing i Nagorno-Karabakh. Konflikten vert kvart år drøfta i parlamentarikarforsamlinga, der ein har teke til orde for ein kampanje for toleranse- og informasjonsarbeid i dei to landa. I ei avrøysting godkjende folket i Armenia hausten 2005 dei konstitusjonelle reformene som var utarbeidde i samarbeid med Europarådet. Ministerkomiteen har ei overvåkingsgruppe som rapporterer jamleg om utviklinga. Ei anna sak som har vore drøfta i ministerkomiteen, gjeld dei politiske fangane i Aserbajdsjan. I valet på ny nasjonalforsamling hausten 2005 vart det rapportert om alvorlege manglar. Det vert sett som eit alvorleg tilbakesteg i høve til oppfølginga av forpliktingane til Europarådet.

Europarådet har dei siste åra hatt ei viktig rolle i Tsjetsjenia. Europarådet er den einaste internasjonale organisasjonen som er til stades i republikken. Dette legg eit stort ansvar på Europarådet. Sidan januar 2004 har russiske styresmakter og Europarådet samarbeidd i Tsjetsjenia om ei rekkje aktivitetar, til dømes utvikling av lokalstyre, etterforsking av forsvinningar og rehabilitering av born og kvinner. I 2005 har omlag 20 slike aktivitetar vorte gjennomførde. Gjennomføring av desse samarbeidsprogramma og menneskerettssituasjonen i Tsjetsjenia får kontinuerleg merksemd frå ministerkomiteen. Mange aktivitetar har vorte utførde i samarbeid med den russiske menneskerettsskommissæren, som samordnar Europarådet sine program i Tsjetsjenia. Europarådet sin menneskerettsskommissær har òg gjort ein stor innsats for å skape dialog i området og har vorte beden av den tsjetsjenske presidenten om å halde fram med dette arbeidet.

I Georgia har ministerkomiteen merka seg framstega som er gjorde i oppfyllinga av landets

forpliktingar, særleg etter «Roserevolusjonen» i 2003. Rapportørgruppa for demokratisk stabilitet har som oppgåve å overvake nokre prioriterte område, til dømes bygging av demokratiske institusjonar, medrekna regionale og lokale, reform av domstolane og iverksetjing av tiltak i kampen mot korrupsjon og organisert kriminalitet. Det har vorte utarbeidd ein handlingsplan for Georgia, og mellom anna vil det verte oppnemnd ei arbeidsgruppe for reform av lovverket. I motsetnad til Adjaria, som no er fredelig reintegrert i Georgia, finst det enno ingen konkret plan for Abkhasia. Her har situasjonen forverra seg, lik situasjonen i Sør-Ossetia, og det var få teikn på ei løysing mot slutten av 2005.

3.3.3 *Europarådet sitt engasjement i Ukraina og Moldova*

Ministerkomiteen har ynskt velkomen dei framstega som er gjorde i Ukraina etter presidentvalet i 2004. I nært samarbeid med Ukraina har det vorte utarbeidd ein handlingsplan for å bringe ukrainsk lovverk, institusjonar og praksis i samsvar med europeiske standardar på områda menneskerettar, demokrati og rettstryggleik. Europarådet ynskjer å tilby hjelp på mange område og vil framleis følgje situasjonen nøye.

Ministerkomiteen har også hatt den vanskelege situasjonen i Moldova jamleg på dagsordenen med særleg oppfølging av tiltak for demokrati, rettstryggleik og menneskerettar. Det har mellom anna vorte gjennomført fleire lokalval i hovudstaden Chisinau, utan at styresmaktene har klart å mobilisere tilstrekkeleg med veljarar. Konflikten i Transnistria har ført til mange debattar i ministerkomiteen i 2005. Ein har særleg følgd to viktige saker. Den første saka gjaldt stenginga av moldovske/rumenske skular i området. Det ser no ut til at denne situasjonen har funne ei førebels løysing. Den andre saka gjeld vanskane med å sette fri dei to attverande fangane i den såkalla Ilascu-saka, sjå punkt 4.2 nedanfor. På tross av regelmessig påtrykk frå ministerkomiteen overfor Russland, som saman med Moldova er dømd i saka, er ho enno ikkje avslutta. Komiteen ser med stor uro på at dette har utvikla seg slik at ingen vil innrømme juridisk ansvar, og at slike saker derfor vanskeleg kan løysast. Motvilje mot å sleppe inn utsendingar i Transnistria gjer dialog endå vanskelegare. Europarådet samarbeider no med Europakommisjonen i dette området.

3.4 Europarådet sitt arbeid mot internasjonal terrorisme

Arbeidet mot internasjonal terrorisme har vore særleg høgt prioritert i Europarådet sidan 11. september 2001. Den europeiske konvensjonen om kamp mot terrorisme frå 1977 er ein sentral konvensjon og sikrar utlevering av terroristar ved å gjere det klart at terrorhandlingar ikkje kan kallast politiske (politiske handlingar inneber normalt unntak frå plikt til å utlevere). I mai 2003 vart ein endringsprotokoll, som mellom anna utvida lista over terrorhandlingar, opna for underskriving. Som første land ratifiserte Noreg protokollen i september same året.

Ein ny konvensjon om førebygging av terrorisme vart lagd ut for underskriving på toppmøtet. Konvensjonen har tre hovudsiktemål, nemleg kriminalisering av offentleg oppmoding til terrorhandlingar, rekruttering til terrorisme og øving i terrorhandlingar. Frå norsk side har vi vore særleg opptekne av at arbeidet skal gje konkrete resultat og at ein må unngå dobbeltarbeid i høve til arbeid i FN-regi. Konvensjonen tek til å gjelde når seks land har ratifisert han. Noreg var aktivt med i utarbeidinga av konvensjonen, men det vil krevje lovendingar før vi kan ratifisere han. Dette vil mest truleg verte handsama i arbeidet med ein spesiell del til ny straffelov, tidlegast i 2007.

Europarådet har oppnemnt ein eigen ekspertkomité som samordnar alt arbeid med terrorisme i Europarådet. I denne komiteen møter også organisasjonar som OSSE, Europakommisjonen, OECD, Interpol, Europol, FN og Den internasjonale raudekrossen som observatørar. Kamp mot terrorisme er eitt av dei fire formaliserte områda for samarbeid mellom Europarådet og OSSE.

Europarådet har ved sida av dette også utarbeidd eit sett retningslinjer som kjem i tillegg til retningslinjene om tiltak mot terrorisme. Dette gjeld tiltak for offer for terrorhandlingar, mediefriidom i kampen mot terrorisme, særlege forholdsteknikkar, vern av vitne og utvikling av nye identitets- og reisepapir som følgje av kampen mot terrorisme.

3.5 Samarbeidet med andre organisasjonar

Europarådet og EU møtest ein til to gonger i året til samråd i høgnivåmøte. Noreg har, som rapportør for tilhøvet til EU, vore deltakar på høgnivåmøta i 2005. På høgnivåmøtet i 2005 diskuterte ein mellom anna førebuingane til toppmøtet og det framtidige politiske samarbeidet i Europa. Ein drøfta òg om EU formelt kunne verte part i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Pakta om dei

grunnleggjande rettane er innarbeidd i EU si forfatning som vart underskriven i Roma hausten 2004. Dette vil verte rettsleg bindande om traktaten ein gong i framtida tek til å gjelde. Samstundes står det i forfatninga at EU skal verte part i EMK. Regjeringa ser det som ynskjeleg at EU vert part i EMK. Det vil sikre ein sams standard for menneskerettar i Europa. Medlemslanda er samde om at det trengst eit tettare samarbeid mellom EU og Europarådet. På toppmøtet var det brei semje om å utarbeide ei avtale om forsterka og utdjupa samarbeid. Luxembourgs statsminister, Jean-Claude Juncker, vart beden om å utarbeide ein rapport om det politiske innhaldet i eit tettare og meir forpliktande samarbeid.

Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet har fleire gonger gått inn for eit slikt samarbeid. På høgnivåmøta i 2005 vart det òg drøfta utvida prosjektsamarbeid, og det var semje om å styrkje dette samarbeidet. Dette gjeld særleg prosjekt i Aust-Europa, mellom anna i Russland, Ukraina og landa i Kaukasus, som fell inn under EU sin granneshapspolitikk (ENP), på Balkan og i høve til Tyrkia. Prosjekta skal først og fremst medverke til å fremje menneskerettane, demokrati og rettsskipnad. Ei mogleg norsk medverking i desse prosjekta vil kunne gje ei positiv samordning.

I 2005 vart det sett i gang eit meir omfattande samarbeid mellom OSSE og Europarådet, og på toppmøtet vart det vedteke ei samarbeidsavtale. Denne avtala inneber at dei to organisasjonane i første omgang skal samordne verksemda i kampen mot terrorisme, menneskehandel, diskriminering og intoleranse og samarbeide om tiltak for nasjonale minoritetar. OSSE har styrken sin i det preventive diplomatiet og i evna til å handle raskt i felten ved hjelp av institusjonane og sendelaga sine, medan Europarådet først og fremst arbeider i djupet med utvikling av regelverk, standardar og juridiske instrument og sakkunne for å medverke til ei langsiktig demokratisk utvikling. OSSE og Europarådet har i 2005 hatt eit særleg godt samarbeid i Kaukasus og på Balkan. Frå norsk side vil ein gå inn for å utvide samarbeidet til fleire område og støtte opp om felles prosjekt i felt.

Annakvart år vert det fremja ein resolusjon om samarbeidet mellom Europarådet og FN. I 2006 skal ein på nytt fremje ein resolusjon. Europarådet deltek kvart år på generalforsamlinga i FN, der samarbeidet er oppført som eit eige punkt på dagsordenen. Samarbeidet vil halde fram på hovudområda til Europarådet, dvs. demokratibygging, menneskerettar og rettstryggleik. Det har vore vanskeleg å få tilslutning i FN til alle kjerneverdiane til Europarådet, då desse mellom anna omfattar for-

bod mot dødsstraff. Det vert samarbeidd med fleire av særorganisasjonane i FN og i ei rekkje land, framfor alt i Kaukasus og på Balkan. Regjeringa vil arbeide for eit tettare samarbeid mellom Europarådet og FN for å fremje synergi og unngå dobbeltarbeid.

Europarådet har opp gjennom åra utvikla nær kontakt med ei rekkje internasjonale ikkje-statlege organisasjonar som er aktive på Europarådet sine fagområde. Rundt 400 organisasjonar har status som samarbeidsorganisasjonar hos Europarådet. Samarbeidet med ikkje-statlege organisasjonar er særleg godt utvikla innanfor arbeidet med ungdom. Regjeringa vil gå inn for tiltak som i enda større grad vil opne organisasjonen og gje meir innsyn i arbeidet.

3.6 Europarådet sitt budsjett

Europarådet har dei siste åra hatt null realvekst i budsjetta sine. Dei store tilskotsytarane, Storbritannia, Tyskland, Russland, Italia og Frankrike, er av dei landa som ikkje har ynskt at budsjetta til Europarådet skulle vekse. På grunn av den kritiske situasjonen i Den europeiske menneskerettsdomstolen er det likevel i stor grad semje om at budsjettet for domstolen bør aukast for å kunne gjennomføre ein naudsynt reformprosess.

Dei fem landa som yter størst tilskot til Europarådet – Frankrike, Italia, Storbritannia, Tyskland og Russland – dekkjer kvar 12,8 % eller til saman 64 % av det ordinære budsjett til organisasjonen. Det ordinære budsjettet var i 2005 på 186 millionar euro, og Noreg stod for 2,978 millionar euro eller omlag 1,6 % av det totale budsjettet til Europarådet. Medrekna finansiering av pensjonar, delavtaler som Noreg er med i, og frivillige norske tilskot til Europarådet, betalte Noreg til saman 4,155 millionar euro.

4 Menneskerettar og demokrati

4.1 Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og dei 14 protokollane til denne er hovudfundamentet for Europarådet sitt arbeid for menneskerettane. Konvensjonen vart vedteken i Roma i 1950 og er seinare utvida med protokollar. Konvensjonen har ei unik stilling i det europeiske menneskerettsvernet, særleg på grunn av mynda som Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD)

har til å ta bindande avgjerder mot statar som er part i konvensjonen, og ved at alle einskildpersonar har rett til å fremje klagesaker. Med utvidinga av Europarådet gjeld det no 800 millionar einskildpersonar i 46 land.

Noreg er tilslutta EMK og protokoll 1 til 11 utan atterhald. I august 2005 ratifiserte Noreg også protokoll 13 om avskaffing av dødsstraff i eitkvart høve. Den tok til å gjelde for Noreg 1. desember 2005. Etter denne protokollen er forbodet mot dødsstraff absolutt også for handlingar som er gjorde i krig eller når krig trugar. I tillegg har Noreg ratifisert protokoll 14, men denne protokollen har enno ikkje teke til å gjelde, då alle medlemslanda må ratifisere han først. Denne protokollen vart vedteken som eitt av fleire reformtiltak for å sikre framtida til domstolen. Protokoll 14 opnar for meir effektive prosedyrar i handsaminga av innkomne klager. Noreg har òg underskrive protokoll 12 om eit generelt forbod mot diskriminering. EMK og dei protokollane som inneheld materielle føresegner, er inkorporerte i norsk lovgjeving gjennom menneskerettslova og har derfor forrang framfor anna norsk lovgjeving.

EMK artikkel 52 gjev generalsekretæren rett til å be om opplysningar frå konvensjonspartane om korleis den interne retten i landa sikrar iverksetjing av ei eller fleire av føresegnene i konvensjonen. Etter at fleire artiklar i internasjonal presse hadde kome med påstandar om hemmelege CIA-fangeleirar og ulovleg fangetransport av mistenkte terroristar i fleire av medlemslanda i Europarådet, bad generalsekretæren i november 2005 alle medlemslanda om informasjon om lovverk og praksis med omsyn til aktivitet som er utført av andre lands tenestemenn. Han bad om opplysningar om korleis statane sikrar at det ikkje går føre seg utanrettsleg fridomskenking, og i kva grad det finst eit effektivt system for å etterforske og straffe dei skuldige, dersom dette skulle skje. Noreg gav som dei andre medlemslanda i februar 2006 svar om at norske styresmakter ikkje har grunn til å tru at slike overtramp har skjedd på norsk territorium. Generalsekretæren har i oppfølginga av saka mellom anna kome med ein rapport som er grunna på svara frå medlemslanda, og vil i den vidare handsaminga arbeide med forslag til nye forpliktande tiltak som kan hindre brot på EMK i denne samanhengen. Parlamentarikarforsamlinga har oppnemnt ein eigen rapportør til å etterforske påstandane om at andre lands tenestemenn har utført ulovleg aktivitet i medlemslanda. Den endelege rapporten frå undersøkinga vil verte framlagd i første halvdel av 2006.

4.2 Den europeiske menneskerettsdomstolen

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) er den viktigaste drivkrafta i Europarådet sitt arbeid for menneskerettane. Domstolen er skipa i medhald av EMK. Personar og organisasjonar som meiner at rettane deira etter konvensjonen er krenkte, kan rette klage om dette til domstolen. Frå november 1998 har domstolen fungert i si noverande form med ein fast dommar frå kvart medlemsland. Det er enno ikkje valt dommar frå det nyaste medlemslandet, Monaco. Når det skjer, vil det vere 46 dommarar i domstolen.

I 2005 tok domstolen meir enn 27 600 avgjerder, og av desse var 1105 dommar og resten avgjerder om å avvise klager. I dommane vart det funne brot på EMK i 994 saker. Dette inneber ein auke frå 2004 på om lag 36 prosent i talet på saker som vart avslutta. Dommar retta mot fem land – Tyrkia, Ukraina, Hellas, Russland og Italia – utgjorde i 2005 64 prosent av alle dommane der det vart funne brot på EMK.

Trass i auka effektivitet er domstolen ikkje i stand til å halde tritt med den aukande mengda av nye saker. Dette er det største trugsmålet mot legitimiteten og framtida til EMD. I 2005 kom det inn om lag 45 000 klager. På slutten av 2005 var det meir enn 81 000 saker som ikkje var handsama. Av desse gjeld meir enn halvparten klager frå fire land: Russland, Tyrkia, Romania og Polen. Dette gjev domstolen eit alvorleg kapasitetsproblem. Handsamingstida er aukande og er no på fleire år. På sikt vil desse problema gå ut over truverdet til domstolen. Dette er bakgrunnen for den omfattande reformpakken som vart vedteken av ministrane i mai 2004. Den norske haldninga vann fram, og det er no semje om at det er særskild viktig å setje i verk reformtiltaka i pakken som er vedteken.

På toppmøtet var det semje om at protokoll 14 måtte ta til å gjelde innan mai 2006. Ved årsskiftet hadde 21 av dei 46 medlemslanda ratifisert protokollen. Dei fleste landa er no i ferd med å ratifisere, men protokollen vil truleg ikkje ta til å gjelde før tidlegast hausten 2006. Domstolen har sjølv rekna ut at protokoll 14 kan gje ein effektivitetsgevinst på rundt 20 %, men han kan ikkje løyse dei grunnleggjande problema som domstolen står overfor. For å finne ei meir langsiktig løysing på kapasitetsproblemet til domstolen vart det derfor på toppmøtet i Warszawa vedteke å oppnemne ei gruppe av vismenn som skal greie ut korleis ein kan sikre eit effektivt kontrollapparat for menneskerettskonvensjonen i framtida. Gruppa av vismenn, under

leiing av tidlegare president for EF-domstolen, Gil Carlos Iglesias, byrja arbeidet i oktober 2005 og skal leggje fram ein førebels rapport i mai 2006. Den endelege rapporten er venta i slutten av 2006. Ein av medlemmene, britiske Lord Woolf, la i desember 2005 fram ein rapport, som var utarbeidd på oppdrag av generalsekretæren og presidenten i domstolen, om korleis arbeidsmetodane til domstolen kan leggjast om for å auke effektiviteten ytterlegare innanfor ramma av gjeldande konvensjonsføresegner. Lord Woolf kjem med forslag til nokre forbetringar, men legg samstundes vekt på at domstolen i dag arbeider svært effektivt, og at det trengst meir grunnleggjande reformer av menneskerettssystemet.

Frå norsk side har ein stadig teke opp att at styrkinga av domstolen i Strasbourg må gå hand i hand med gjennomføring av nasjonale tiltak for å førebyggje brot på EMK og bøte på skaden for den det gjeld dersom brot likevel skjer. Det trengst òg betre rettleiing til dei som ynskjer å klage til EMD, for å redusere talet på klart ugrunna klager, som utgjør ca. 85 prosent av sakene som vert sende til domstolen.

Ministerkomiteen har ansvaret for å sjå til at avgjerder frå domstolen vert etterlevde i medlemslanda, og har møte for å gjennomgå oppfølginga av dommar seks gonger per år. I dei aller fleste tilfella set medlemslanda i verk naudsynnte tiltak etter at dei har fått ein dom mot seg, men eit fåtal saker må komiteen følgje opp aktivt. Reformpakken frå 2004 inneheld òg tiltak for å sikre raskare og betre etterleving av dommane. I 2005 vart det ikkje sagt dom i noko sak mot Noreg.

Ut frå dommar som er felte dei siste åra, kan ein seie at det er eit mønster i utviklinga at stadig fleire saker gjeld alvorlege brot på EMK og har opphav i konfliktområde. I 2005 vart det felt dom i dei tre første av fleire hundre saker som sivile i Tsjetsjenia har klagt inn for domstolen mot Russland (Isayeva mot Russland, Khashiyev og Akayeva mot Russland og Isayeva m.fl. mot Russland). Dommane slår fast brot på retten til liv fordi tryggingsstyrkane ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til sivile i planlegginga av militære aksjonar mot opprørsstyrkane. Dommane slår òg fast at det ikkje har vorte sett i verk effektiv etterforsking, og at det ikkje finst effektiv nasjonal rett til prøving for klagarane. Russland har godteke dommane og har betalt skadepensjon til saksøkarane. Ministerkomiteen vil no overvake at Russland gjennomfører tiltak for å sikre at denne typen brot vert etterforska, og at dei ansvarlege vert stilte for retten, samt at liknande brot ikkje hender i framtida.

Ei anna sak som har fått mykje merksemd i ministerkomiteen, er dommen i saka Ilascu med fleire mot Moldova og Russland frå juli 2004. Ilascu og tre andre vart fengsla i strid med EMK art. 5 (rettferdig rettargang) av styresmaktene i den moldovske utbrytarrepublikken Transnistria og vart handsama på eit vis som innebar brot på EMK art. 3 (mot umenneskeleg og nedverdiggjande straff). To av dei sat framleis fengsla då det vart felt dom, og sit enno fengsla. Dommen slo fast at dersom ikkje dei to statane straks sørge for at klagarane vart sette fri, innebar dette eit brot på statane si plikt til å rette seg etter dommar frå domstolen (artikkel 46.1). Det har vore problem med etterlevinga av Ilascu-dommen fordi kontrollen med kva som skjer i Transnistria-området, er vanskeleg for dei to statane som fekk dommen mot seg, og dei sjølvutnemnde styresmaktene i Transnistria er ikkje godtekne som uavhengige av det internasjonale samfunnet. Ministerkomiteen har følgd utviklinga i saka på kvart møte sidan dommen vart sagd.

Pilotdommen i saka Broniowski mot Polen frå juni 2004 vart løyst i 2005 ved at Polen innførte ei ny lov som gjorde det mogleg å få skadebot for eigedommar som vart eksproprierte i det tidlegare Aust-Polen. Etter dette vart det inngått eit forlik som vart godkjent av domstolen. Dette tyder at dei rundt 200 liknande uteståande klagesakene for domstolen kan avsluttast utan vidare handsaming i domstolen og verte tilbakeførte til Polen.

Italia er det landet som har flest saker til oppfølging i ministerkomiteen på grunn av strukturelle problem med for lang sakshandsaming i rettsapparatet og manglande iverksetjing av dommar.

Regjeringa ser det som særskild viktig å verne om stillinga til domstolen i tida som kjem.

4.3 Den reviderte europeiske sosialpakta

Noreg ratifiserte den reviderte europeiske sosialpakta i 2001. Pakta er ein revisjon og ei vidareutvikling av den europeiske sosialpakta av 1961. Ho inneheld reglar og rettslege standardar på områda arbeidsmarknad og arbeidsmiljø, helse og sosiale spørsmål og trygd. Den reviderte pakta omfattar den opphavlege pakta frå 1961 (med endringar), tilleggsprotokollen frå 1988 og sju nye artiklar.

Sosialpakta er den viktigaste konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar i Europarådet. Den reviderte pakta har på fleire område teke omsyn til utviklinga og dei grunnleggjande sosiale endringane som har skjedd sidan 1961. Moderniseringa gjeld mellom anna styrking av ret-

tane til born og ungdom, likestillingsaspekt og familien sine rettar. Dei nye artiklane inneheld mellom anna føresegnar om vern av arbeidstakarar når arbeidstilhøve vert avslutta, og når arbeidsgjevar går konkurs, og om sikring mot sosial utstøying og retten til bustad.

I 2005 handsama regjeringskomiteen, som består av representantar for alle dei landa som har ratifisert sosialpakta, rapportar for perioden 2002 og 2003. Den europeiske komiteen for sosiale rettar (den uavhengige ekspertkomiteen) kritiserte i konklusjonane sine Noreg for mellom anna bruk av overtid, som komiteen i nokre tilfelle fann vart nytta i for lang tid (artikkel 2 §1). Noreg peika på at regelverket vårt var i samsvar med EU-direktiv 94/104, og viste dessutan til at regelverket var endra i den nye arbeidsmiljølova, som det vil verte rapportert om i 2006. Noreg vart vidare kritisert for å ha for strenge reglar om trekk i lønn. Det vart understreka at trekk i lønn berre kan nyttast når det er avtala på førehand. Noreg vart saman med fleire andre land kritisert for å gje studentar frå EØS-land betre vilkår enn studentar frå land som ikkje er EØS-medlem, når det gjeld lån og stipend frå Statens lånekasse (artikkel 10 §4). Noreg krev lengre butid for studentar frå land utanfor EØS. Ein av medlemmene i ekspertkomiteen deler Noreg si oppfatning om at ein ut frå sosialpakta ikkje kan utleie full likestilling mellom studentar på same måte som etter EØS-reglane. Alle dei kritiserte landa merka seg kritikken. Noreg vart òg kritisert for manglande reglar om ikkje-diskriminering av funksjonshemma i arbeidslivet (artikkel 15), men kunne her syne til ny lovgjeving.

4.4 Europarådets menneskerettskommissær

Sidan oktober 1999 har Europarådet hatt ein eigen kommissær for menneskerettar. Svenske Thomas Hammarberg etterfølgjer i 2006 Alvaro Gil-Robles frå Spania som kommissær. Menneskerettskommissæren skal medverke til å fremje kunnskap om og respekt for menneskerettar i medlemslanda. Arbeidet til kommissæren inneber vitjing i medlemslanda, og rapportane gjev verdifulle innspel for å identifisere kvar problema ligg, og kva tiltak som kan vere tenlege for å betre menneskerettssituasjonen.

Kommissæren arbeider med dei overordna problemstillingane i landa og ser ikkje på einskildsaker. Rapportane gjev etter norsk syn positive innspel, og stillinga representerer ein positiv tilvekst til Europarådet. Gil-Robles har lukkast særskild godt

med å byggje opp ein institusjon som har høgt truverd, og som vert lytta til. Dette gjev kommissæren ei særleg uavhengig stilling, som gjer det mogleg å halde dialog med både styresmakter og sivilsamfunnet i landa.

I 2005 vitja kommissæren Russland (Tsjetsjenia), Spania, Italia, Island og Frankrike. Kommis-særen sine representantar kom òg til Noreg på ei oppfølgingsvitjing. Etter den første vitjinga til Noreg i 2001 vart det utarbeidd ein rapport om situasjonen, som sidan har vorte følgd opp, no seinast ved den avsluttande vitjinga i september 2005. Representantane for kommissæren møtte eit utval av statlege og ikkje-statlege organisasjonar som Redd Barna, Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter, Sivilombodsmannen, Justisdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet (som tidlegare ansvarleg for innvandringspolitikken), Norsk senter for menneskerettar og Oslo fengsel. Den avsluttande rapporten om Noreg vil verte handsama av ministerkomiteen i første halvår 2006.

4.5 Vern av nasjonale minoritetar

Europarådet gjennomfører eit omfattande arbeid for å verne nasjonale minoritetar. Sentralt i dette arbeidet står rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar, som tok til å gjelde for Noreg i juli 1999. Hovudføremålet med konvensjonen er å hindre diskriminering av nasjonale minoritetar, å syte for at dei oppnår reell likestilling, å garantere at dei har full organisasjons- og ytringsfridom og å fremje kulturen til minoritetane. Rammekonvensjonen pålegg statane å sende generalsekretæren i Europarådet fullstendig informasjon om lovgjeving og andre tiltak som er gjennomførde for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i livet.

Noregs andre rapport om gjennomføringa av konvensjonen vart send til Europarådet i august 2005. Rapporten speglar oppfølging av tilråding og merknader frå den rådgjevande komiteen. Rapporten vil verte handsama av Europarådet våren 2006. Professor Asbjørn Eide har vore medlem av den rådgjevande komiteen sidan 2002. I september 2004 vart han vald til leiar av komiteen og har hatt denne funksjonen også i 2005.

Europarådet er òg engasjert i arbeidet med minoritetsspråk. Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk har som hovudføremål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som vert nytta i delar av eit land. Denne avtala vert følgd opp ved at landa jamleg rapporterer om utviklinga,

og ved at ei ekspertgruppe kjem på vitjing og utarbeider rapportar.

Noreg har òg eit medlem i Den europeiske kommisjonen mot rasisme, intoleranse og framandfrykt (ECRI). Komiteen utarbeider generelle og landspesifikke tilrådingar om rasisme og intoleranse og publiserer døme på god praksis. ECRI la fram den siste rapporten sin om Noreg i 2004.

Også Europarådet sin menneskerettskommis-sær er oppteken av å verne om minoritetane sine rettar og fokuserer mykje på dette i arbeidet sitt. Finland sitt initiativ om å skipe eit forum for roma og reisande i Europarådet vart vedteke av ministerkomiteen i 2004. Eit interimsstyre for forumet fungerte fram til første plenumsamling i desember 2005. Representantar for forumet vitja Noreg våren 2005 for å informere norske rom og romanifolk/tatarane om forumet og for å førebu val av norsk representant. Det er gruppene sjølve som gjennom visse valprosedyrar som er vedtekne av Europarådet, skal gjere framlegg om representantar til forumet. Styresmaktene skal ikkje delta i denne prosessen, men har hjelpt til med å leggja til rette for informasjon og praktisk gjennomføring av val. Rom og romanifolket i Noreg vart ikkje samde om ein norsk representant til den første plenumsamlinga til forumet. Dersom gruppene ynskjer det, vil styresmaktene halde fram med praktisk hjelp for at gruppene skal kunne velje ein norsk representant til forumet.

Under norsk formannskap i Europarådet 2004 arrangerte Det europeiske forumet for romungdom, med støtte frå Noreg, eit seminar om, for og med romungdom. Rapporten frå seminaret, «Alternativ til migrasjon», vart presentert for norske styresmakter og representantar for rom og romanifolket i Oslo i juni 2005.

4.6 Veneziakommisjonen

Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving hadde 1. januar 2006 49 medlemsstatar, eitt land var assosiert medlem, 10 hadde status som observatørar, og EU, OSSE og Sør-Afrika hadde ei særskild statusavtale. Noreg har vore aktivt med frå starten. Norsk medlem er professor Jan E. Helgesen.

Kommisjonen vart oppnemnd for å støtte demokratiseringsprosessen i dei sentral- og aust-europeiske landa ved å gje juridisk hjelp ved utforminga av grunnlover og andre sentrale lover. Etter kvart har arbeidsområdet vorte utvida til å omfatte land utanfor Europa. Noreg har tidlegare gjeve til-

skot til finansieringa av samarbeidet med Sør-Afrika.

I 2005 gav Veneziakommisjonen hjelp i mellom andre desse statane: Albania, Armenia, Bosnia-Hercegovina, Georgia, Irak, Italia, Kasakhstan, Kirgisistan, Mexico, Romania, Russland, Serbia og Montenegro, Makedonia og Ukraina. Kommisjonen arbeider dessutan med utgreiingar og generelle juridiske spørsmål som er viktige for utviklinga av demokratiet og rettsstaten. Eit viktig prosjekt er å organisere det praktiske samarbeidet mellom forfatningsdomstolane eller øvste instans i det vanlege domstolsapparatet hos medlemsstatane. Kommisjonen held òg fleire seminar kvart år.

4.7 Den europeiske torturkomiteen

Den europeiske torturkonvensjonen skipar eit kontrollsystem der Den europeiske torturkomiteen (CPT) kan gjeste medlemslanda for å undersøkje korleis dei handsamar personar som er fråtekne fridomen. Siktemålet er å førebyggje brot på forbodet i EMK mot tortur og umenneskeleg og nedverdiggjande handsaming eller straff. Komiteen vitjar mellom anna fengsel, arrestar og psykiatriske institusjonar. Komiteen skal ha fritt tilgjenge til dei aktuelle stadene og kan ha fortrulege samtalar med dei innesperra utan vitne til stades. Komiteen er også i jamleg dialog med styresmaktene i dei einskilde medlemsstatane.

CPT har eitt medlem frå kvart medlemsland. Det er Stortinget sin delegasjon til parlamentariskarforsamlinga som nominerer kandidatar til det norske setet. Som norsk medlem av komiteen gjekk Ingrid Lycke Ellingsen av etter 12 år i 2005, og ny medlem vart Birgit Lie. Lie er vald inn for fire år.

Komiteen har vitja Noreg fire gonger, sist i 2005. I løpet av året gjorde komiteen undersøkingar også i 15 andre land: Spania, Tyrkia, Tyskland, Moldova, Storbritannia, Ukraina, Hellas, Russland, Malta, Albania, Aserbajdsjan, Belgia, Ungarn, Slovakia og San Marino. I oktober 2005 var komiteen i Noreg og vitja mellom anna Oslo politidistrikt, Politihuset i Trondheim og Politiet sitt utlendingsinternat på Trandum. I tillegg vitja komiteen Trondheim, Stavanger og Ringerike fengsel samt Ila fengsel sin anstalt for forvaring og sikring og Sør-Trøndelag psykiatriske sjukehus. I utsegn etter vitjinga har komiteen framheva både positive og visse negative aspekt ved tilhøva i desse institusjonane. Det er mellom anna reist kritikk av at uniformert politi rutinemessig brukar hand- og fotjern på personar som skal eskorterast til psykiatriske

institusjonar, utstøyting av innsette frå fellesskap med andre innsette, og soningssituasjonen for utanlandske innsette som korkje kan norsk eller engelsk. Den endelege rapporten vil liggje føre i løpet av første halvår 2006.

4.8 Nord-sør-senteret

Nord-sør-senteret vart skipa i 1989, dels for å spreie kunnskap om nord-sør-spørsmål i Europa og dels for å leggje til rette for ein dialog mellom nord og sør om menneskerettar og demokrati. Senteret, som ligg i Lisboa, har fokusert mest på aktivitetar i Middelhavsregionen, demokrati og menneskerettar i Afrika og utdanning. Toppmøtet stadfesta Nord-sør-senteret si rolle i Europarådet sitt arbeid med tverrkulturell dialog. Senteret deler årleg ut ein menneskerettspris til to personar frå høvesvis sør og nord. I 2005 gjekk prisen til den irske musikaren Bob Geldof for arbeidet han har gjort for å opplyse landa i nord om fattigdommen i Afrika, og til etiopiske Bogaletch Gebre for arbeidet ho har gjort for kvinnene sine rettår. Noreg sit i styret for senteret på vegner av dei nordiske landa.

4.9 Forum for demokrati

Det første forumet vart halde i Warszawa i november 2005 og hadde inkludering av det sivile samfunnet i politiske prosessar som tema. Noreg deltok med representantar for Kommunal- og regionaldepartementet og Landsorganisasjonen for norske ungdomsorganisasjonar. Fleire deltakarar uttrykte ynske om at demokratiforuma bør munna ut i konklusjonar som kan nyttast som innspel til det mellomstatlege samarbeidet i Europarådet.

5 Det mellomstatlege samarbeidet

5.1 Menneskerettar, likestilling og menneskehandel

5.1.1 Menneskerettar

Det mellomstatlege arbeidet for menneskerettar i Europarådet finn i hovudsak stad i Styringskomiteen for menneskerettar og i underkomiteane for vidareutvikling av menneskerettane og for sakshandsamingsspørsmål.

I 2005 har styringskomiteen og Komiteen for sakshandsaming prioritert arbeidet med å undersøkje korleis medlemsstatane har følgd opp fem tilrådingar frå ministerkomiteen om ulike tiltak for å

betre den nasjonale gjennomføringa av EMK og dermed minske talet på nye klager til Den europeiske menneskerettsdomstolen. Dette arbeidet inngår i oppfølginga av reformpakken som vart vedteken i mai 2004 for å sikre framtida til domstolen, og Noreg har vore mellom dei statane som har understreka at dette arbeidet må prioriterast.

Dei same komiteane har også arbeidd med endringar av dei reglane som gjeld når ministerkomiteen fører tilsyn med statane si etterleving av dommar frå menneskerettsdomstolen. Siktemålet er å gjere tilsynet meir effektivt og å søkje å sikre at dommar som avdekkjer systemfeil, vert prioriterte, slik at ein unngår at domstolen må handsame ein flaum med klager som gjeld same systemfeil.

Det vart i 2005 arrangert eit seminar om vern av menneskerettar i kampen mot terrorisme, der målet var å undersøkje korleis Europarådet sine retningslinjer om dette har verka. Etter dette vart komiteen av spesialistar på menneskerettar og kampen mot terrorisme oppattnemnd, og komiteen har byrja å vurdere spørsmålet om bruk av diplomatiske garantiar i samband med utlevering eller bortvising av personar der det kan vere grunn til å frykte tortur. Noreg er ikkje medlem av denne komiteen.

Komiteen for vidareutvikling av menneskerettane har slutført arbeidet med ei handbok om menneskerettar og vern av miljøet, som er basert på praksis frå menneskerettsdomstolen. Handboka skal gjevast ut i 2006.

5.1.2 Likestilling

Toppmøtet støtta vidare innsats for større likestilling og peika særleg på områda nasjonale likestillingsapparat, vald mot kvinner og menneskehandel. Styringskomiteen for likestilling har ei sentral oppgave med å integrere likestilling i resten av verksemda til Europarådet. Fokus for Europarådet sitt arbeid på likestillingsområdet er å fremje like utsikter og rettar for kvinner og menn, å hindre vald mot og handel med kvinner og å vidareutvikle det metodiske arbeidet med å integrere likestilling i verksemda til Europarådet og i medlemslanda.

Europarådet har lege i framkant internasjonalt med arbeidet sitt for å utvikle metodar for å integrere likestilling på alle fagområde og har mellom anna utarbeidd sentrale dokument om korleis dette arbeidet best kan utviklast metodisk. Relevante røynsler og standardar frå EU sitt arbeid er trekte inn. Noreg deltok i 2005 mellom anna i nettverk om integrering og i arbeidsgrupper om budsjettarbeid og om krav og standardar på likestillingsområdet.

Det vart i 2005 utarbeidd rapportar om kvinner og menn i freds- og konflikthandling, om ekteskap inngått under tvang, om permisjon for foreldre og om budsjettarbeid i eit kjønnsperspektiv.

Sverige er vertskap for eit ministermøte i juni 2006. Tema vil vera «Menneskerettar og økonomiske utfordringar i Europa – likestilling». Ein resolusjon og ein handlingsplan vert førebudde med sikte på vedtak på møtet.

5.1.3 Menneskehandel

Handel med kvinner for seksuell utnytting har òg vore eit viktig tema i Styringskomiteen for likestilling. Komiteen fekk utarbeidd ein rapport som synte at ein europeisk konvensjon om menneskehandel kunne fylle ut FN sin tilleggsprotokoll om organisert kriminell verksemd (Palermoprotokollen). Noreg medverka aktivt i førebuinga av konvensjonen og var mellom dei landa som skreiv under konvensjonen då han vart opna for underskriving på toppmøtet. Frå norsk side vert det arbeidd med å få ratifisert konvensjonen, som tek til å gjelde når ti land har ratifisert han, venteleg i 2007. Føremålet med konvensjonen er å førebygge og unngå nasjonal og internasjonal menneskehandel, å tryggje og hjelpe offer for menneskehandel, å sikre effektiv straffefølgjing av bakmennene og å fremje internasjonalt samarbeid for å nå desse måla. For å sikre effektiv gjennomføring gjev konvensjonen døme på skiping av ein egen mekanisme for overvaking.

Trongen for ein eigen konvensjon på området kjem mellom anna av at ein i tillegg til fokuseringa i FN-protokollen på kriminalisering og straffefølgjing av bakmennene ynskjer at statane i større grad skal forplikte seg til å tryggje ofra og menneskerettane deira. Den nye konvensjonen gjeld både nasjonal og internasjonal menneskehandel og pålegg statane som ratifiserer han, å underlegge seg ein felles mekanisme for overvaking, som skal sørgje for at pålegga i konvensjonen vert effektivt gjennomførde på nasjonalt plan. Konvensjonen har ein meir effektiv mekanisme for overvaking enn FN-konvensjonen mot internasjonal kriminalitet.

Pålegga i konvensjonen er meint å vere standardar for eit minimum av tiltak som landa som er part i konvensjonen, må gjennomføre. For Noreg kan det derfor vere nærliggjande å vurdere om ein på nokre sentrale område ynskjer å gjennomføre pålegga i konvensjonen på ein meir effektiv måte enn kva som strengt teke følgjer av konvensjonen. Høgare standardar vil mellom anna kunne vere med å påverke andre land sin innsats på området –

i retning av ei styrking av rettane til ofra. På nokre område har Noreg alt høgare standardar.

Menneskehandel er i høgaste grad eit problem som vedgår Noreg – mellom anna som mottakarland for den handelen med menneske som finn stad i vår del av verda. Effektiv kamp mot menneskehandel krev eit breitt internasjonalt samarbeid. Dei felles standardane som følgjer av den nye konvensjonen, vil utgjere eit sentralt grunnlag for ein slik felles innsats i kampen mot menneskehandel. Som eit føregangsland i kampen mot menneskehandel er Noreg tilfreds med at det no ligg føre eit europeisk folkerettsleg bindande instrument.

5.2 Juridisk samarbeid

5.2.1 Sivilrettsleg samarbeid

Styringskomiteen for samarbeid om sivilrett dekkjer eit variert spekter av arbeidsområde og har no faste underkomitear på områda forvaltingsrett, statsborgarskap og familierett. Noreg hadde leiinga av styringskomiteen og byrået til og med det årlege møtet i april 2005. Årsmøtet vedtok mellom anna å tilrå at ministerkomiteen vedtek ein protokoll om å unngå tap av retten til å vere statsborgar ved statssuksjon og ei tilråding med eit skjema til bruk for rettshjelp utanlands.

Oppgåvene til styringsgruppa er grunnleggjande for målsetjingane til Europarådet, mellom anna for å fremje eit effektivt og demokratisk rettsstell i dei sentral- og austeuropeiske landa. Sett i høve til budsjettsituasjonen i Europarådet har det likevel vore naudsynt med ei klar prioritering av kva for tema Europarådet skal arbeide vidare med innanfor samarbeidet om sivilrett. Det vart semje om ei gruppering av prioriterte tema, som er oversend ministerkomiteen.

Det vil framleis verte lagt vekt på arbeidet med å førebu nye instrument om rettsstellet. Samarbeidet om utvikling av rettsstellet i medlemsstatane går no i hovudsak føre seg i Den europeiske kommisjonen for effektivitet i rettsstellet, som vart oppnemnd i 2002 som eit særskilt organ under ministerkomiteen. Kommisjonen skal medverke til å betre effektiviteten og funksjonsmåten til domstolane i medlemslanda, slik at innbyggjarane får styrkt tilliten til rettferdige dommar. Den skal også leggje til rette for god gjennomføring av Europarådet sine instrument for effektivitet og rettferd i rettssystema. Etter vedtektene sine arbeider kommisjonen særleg med data som syner kor effektivt rettsstellet i medlemsstatane er, og korleis det verkar. Det gjev grunnlag for å drøfte tiltak som kan fremje høg kvalitet. Kommisjonen gjev også rettleiing og støtte til medlemsland som ynskjer hjelp i

arbeidet med å skipe eit godt rettsstell. Kommisjonen har ikkje overvaksings- eller kontrolloppgåver. Dersom kommisjonen finn det tenleg med nye instrument eller endringar i dei som alt er vedtekne, skal dei ta det opp med Styringskomiteen for samarbeid om sivilrett.

Kommisjonen for effektivt rettsstell har arbeidd aktivt og har to plenums møte kvart år. Under kommisjonen har to ekspertgrupper av særleg sakkunnige arbeidd med kriterium for evaluering av og tidsfristar for rettsstellet. Noreg har i 2005 vore representert i kommisjonen gjennom administrasjonsrådet for menneskerettsdomstolen og dessutan med ein sakkunnig ekspert i Ekspertkomiteen for evaluering av rettsstellet.

Europarådet har også skipa ein møteplass for representantar for europeiske dommarar, Det rådgjevande rådet for europeiske dommarar. Her møter ein framståande dommarar frå kvar medlemsstat. Rådet gjev fråsegner til ministerkomiteen om prinsipielle spørsmål i rettsstellet sett i lys av røynsleane frå domstolane i medlemsstatane og uttalar seg om åtgjerder som kan vere naudsynte eller tilrådelege. Til dømes har rådet gjeve fråsegn om alternativ løysing av tvistar for å avhjelpe saksmengde og saksavvikling i nasjonale domstolar.

Det 26. europeiske møtet mellom justisministrar vart halde i april 2005 i Helsingfors. Hovudemnet var dei sosiale sidene ved retten, med nærare drøfting av retten sitt svar på gjeldsproblem i kredittsamfunnet og av dei sosiale oppgåvene til strafferetten. Justisministrane handsama òg eit framlegg til ei europeisk fengselsavtale og oppfølging av resolusjonen mot terrorisme frå det førre ministermøtet. Dei nye fengselsreglane vart vedtekne av ministerkomiteen i januar 2006 og er retningsgjevande for korleis straff skal gjennomførast. Dei er meir detaljerte enn dei gamle reglane frå 1987 og tek omsyn til utviklinga i Europa når det gjeld tiltak mot kriminalitet, praksis for straffeutmåling og fengselsforvalting. Det er òg teke omsyn til rettspraksis frå menneskerettsdomstolen i Strasbourg og vurderingane til Europarådets torturkomité (CPT), særleg standardane som komiteen har utvikla. Styringskomiteen for samarbeid om sivilrett vedtok òg nye retningslinjer om eigne arbeidsmetodar.

5.2.2 Strafferettsleg samarbeid

Styringskomiteen for strafferettslege spørsmål, kriminologi og fengselssaker heldt det årlege møtet sitt i mars 2005. På møtet vedtok komiteen å tilrå ministerkomiteen å vedta ein konvensjon om

kvitvasking og finansiering av terrorisme. Føremålet med den nye konvensjonen er mellom anna å styrkje den eksisterande konvensjonen om tiltak mot kvitvasking. Konvensjonen legg til rette for å lette det internasjonale samarbeidet om å oppspore og inndra utbytte frå kriminelle handlingar. Komiteen vedtok òg å tilrå ministerkomiteen å vedta to tilrådingar om vern av vitne og om retningslinjer for bruk av særskilde metodar for etterforsking. Ministerkomiteen vart òg tilrådd å vedta å institusjonalisere konferansen om påtalemakta innanfor Europarådet.

5.2.3 Folkerett

Europarådet har ein eigen adhockomit  for rådgjevarar i folkerett, som er eit forum for meningsutveksling om aktuelle folkerettslege emne, og som m test to gonger i året. Komiteen uttalar seg òg om sp rsm l som ministerkomiteen har fremja for han. Komiteen utarbeider ikkje utkast til konvensjonar, men har dei siste  ra utvida arbeidsfeltet sitt ved   leggje fram visse skriftlege arbeid. I tillegg evaluerer komiteen konvensjonar innanfor ansvarsområdet sitt.

Domstolane for krigsforbrytarar fr  Rwanda og det tidlegare Jugoslavia og skipinga av Den internasjonale straffedomstolen har vore gjennomgangstema. Det same gjeld diskusjonane om p g ande prosessar innanfor internasjonal humanit rrett.

Komiteen arbeider med emne som vert handsama av Kommisjonen for folkerett i FN, og heldt i 2005 fram dialogen med representantar for Kommisjonen for folkerett om desse emna. Komiteen har òg ei observ rrolle for reservasjonar til multilaterale konvensjonar, mellom anna konvensjonar mot terrorisme, og utarbeider ei oversikt over tilslutning av medlemsland til internasjonale mekanismar for tvistel ysing.

Noreg legg stor vekt p  arbeidet i komiteen. Utviklinga i retning av   utvide verkeområdet til komiteen, mellom anna med omsyn til meir substansiell dr fting, har fulle st tte fr  oss. Den aukande dialogen med FN-kommisjonen for folkerett er positiv.

5.3 Sosiale sp rsm l

5.3.1 Sosialt samh yr og sosialpolitikk

Toppm tet vedtok at det skulle oppnemnast ei vismannsgruppe for   g  gjennom Den europeiske komiteen for sosialt samh yr sin strategi for   stake ut ein ny veg for sosialpolitikken i framtida.

Dei nordiske landa gjekk saman om   fremje ein dansk kandidat, som vart innvald i vismannsgruppa.

Noreg deltek i ei ekspertgruppe om integrerte sosiale tenester og har der orientert om skipinga av den nye arbeids- og velferdsforvaltinga. Avtaler om samarbeid mellom stat og kommune var eit av punkta som s rleg vekte interesse. Noreg deltek i delavtala p  sosial- og helseområdet i Komiteen for rehabilitering og integrering av funksjonshemma. Det er mellombels tilsett ein norsk ekspert til sekretariatet for komiteen i Europar det.

I november 2004 var Noreg vert for konferansen «Human Rights – Disabilities – Children», som vart arrangert i Strasbourg. Som eit ledd i oppf lginga av denne konferansen er det teke initiativ til   oppnemne ei ekspertgruppe som mellom anna skal utarbeide tilr dingar for   betre tilh va for funksjonshemma born, mellom anna gjennom betre integrering i lokalsamfunna. Den nyoppnemnde ekspertgruppa skal gje ein rapport til Komiteen for rehabilitering og integrering av funksjonshemma innan utgangen av 2006.

I samarbeid med Russland, som har formannskapet i Europar det fr  mai 2006, vil Noreg som formannskap i Nordisk ministerr d, arrangere ein konferanse om betring av livskvaliteten for funksjonshemma. Konferansen vil finne stad i Russland hausten 2006.

5.3.2 Tilgang til sosiale rettar

Noreg har delteke i to ekspertkomitear for trygdesp rsm l. Ekspertkomiteen for samordningsinstrument p  trygdeområdet vart sett til   vurdere tolkingssp rsm l og andre sp rsm l av administrativ art i h ve til Europar det sine samordningsinstrument p  trygdeområdet (trygdekonvensjonen, dei to mellombelse trygdeavtalene og forsorgs- og sjukehjelpskonvensjonen).

Ekspertkomiteen for standardsetjingsinstrument p  trygdeområdet har mellom anna hatt i oppg ve   overvake medlemslanda si rapportering p  trygdeområdet, s rleg i h ve til den europeiske trygdekodeksen med protokoll. Ekspertkomiteen har mellom anna g tt gjennom merknadene og konklusjonane til ekspertkomiteen i ILO n r det gjeld rapportane fr  dei einskilde medlemslanda. Ekspertkomiteen for standardsetjingsinstrument p  trygdeområdet observerer og rapporterar om felles europeiske trendar og utviklingstrekk p  trygdeområdet og utarbeider informasjonsoversikter om aktuelle sp rsm l og god administrativ praksis til bruk for Den europeiske komiteen for sosialt samh yr. Det vert i denne samanhengen

fokusert på den framtidige bereevna til trygdeordningane og særleg på spørsmål som gjeld universell trygdedekning, privatisering og implikasjonane for alderspensjonar, likestilling og tiltak overfor pleietrengjande eldre.

Ekspertkomiteane har òg ansvar for å fremje arbeidet med å få medlemsstatane til å ratifisere dei ulike europarådsinstrumenta på trygdeområdet. I 2005 vart det vedteke å slå dei to komiteane saman under eit sams mandat.

5.3.3 Helsekomiteen

Handlingsplanen frå toppmøtet nemner helse og menneskerettar og peiker på styrkt innsats innan pasientretta arbeid og lik tilgang på helsetenester. Dei mangeårige planane for å styrkje arbeidet på helseområdet, mellom anna ved å føre over aktivitetar frå delavtala til hovudprogrammet, tok ei ny vending i 2005. I staden kom det eit framlegg frå sekretariatet om å overføre arbeid innan standardar for blodtryggjeik og organtransplantasjon frå hovudprogrammet til ei høveleg delavtale. Dette skal utgreiast nærare i 2006 med sikte på å ta ei endeleg avgjerd i samband med handsaminga av budsjettet for 2007. Ministerkomiteen godkjende i juni tilrådinga om fagleg opplæring av personell innan organtransplantasjon.

Helsekomiteen har i 2005 mellom anna vedteke eit utkast til tilråding om helsetenester i eit fleirkulturelt samfunn, som skal sendast til godkjenning i ministerkomiteen i 2006.

Våren 2005 vart konferansen «Patient safety as a European Challenge» gjennomført med stort hell under den polske formannskapen i Ministerrådet. Med tilskot frå Europarådet vart «The European Day of Organ Donation and Transplantation» avvikla i oktober av sveitsiske styresmakter. Europarådet hadde ei viktig rolle, saman med mellom andre serbisk-montenegrinske styresmakter, i ein europeisk konferanse i Beograd om lindrande handsaming. Til dømes er hjelpeprogrammet til Moldova viktig for å styrkje lovarbeidet og arbeidet innan mental helse og organtransplantasjon.

Viktige område som helsekomiteen vil arbeide med framover, er system for å følgje politikktutforminga innan mental helse og nye utviklingstrendar innan utdanning av helsepersonell.

5.3.4 Bioetikk-komiteen

Bioetikk-komiteen er Europarådets styringskomité for bioetiske spørsmål. Han handsamar emne

knytte til konvensjonen om menneskerettar og biomedisin (biomedisinkonvensjonen). Konvensjonen vart opna for underskriving i 1997, og Noreg er eitt av dei 33 landa som har underskrive konvensjonen. Denne konvensjonen tek sikte på å verne vørnaden og identiteten til alle menneske og utan diskriminering garantere respekten for integriteten og andre grunnleggjande rettar knytt til bruken av biologi og medisin. Det er fleire protokollar og tilrådingar som er knytte til biomedisinkonvensjonen. For tida vert det arbeidd med forslag til tilpassingar i helselovgjevinga, slik at Noreg kan ratifisere konvensjonen.

Mykje av verksemda til komiteen i 2005 har vore konsentrert om å utarbeide eit utkast til tilråding om forskning på humant biologisk materiale. Utkastet inneheld retningslinjer for innsamling og oppbevaring av humant biologisk materiale og forskarar sin bruk av dette, grunna på samtykke. Utkastet er no ferdighandsama i komiteen og skal på vårparten 2006 handsamast i ministerkomiteen. I 2005 har komiteen òg drøfta utkastet til protokoll om genetisk testing.

5.3.5 Kampen mot narkotikamisbruk

Pompidougruppa er Europarådet si samarbeidsgruppe for narkotikaspørsmål på ministernivå. Gruppa har til føremål å medverke til kampen mot narkotikaproblema med vekt på å minske både tilbodet og etterspurnaden i narkotikamarknaden. Det vert samarbeidd nært med andre regionale og internasjonale organisasjonar på narkotikaområdet. Nederland har formannskapen i gruppa fram til utgangen av 2006.

Det er oppnemnt seks ekspertgrupper til å arbeide med problematikk på områda handsaming, førebygging, etikk, rettshandheving, flyplassproblematikk og forskning. Noreg har gjeve eit frivillig tilskot til arbeidet med prosjekt innan førebyggingsdelen av arbeidsprogrammet for 2004–2006.

I tillegg til arbeidet i ekspertgruppene og arbeidet med å gjennomføre prosjekta i arbeidsprogrammet har arbeidet med å evaluere arbeidet i og strukturen for Pompidougruppa stått sentralt i 2005 under den nederlandske formannskapen. Resultata frå evalueringa vil danne grunnlag for avgjerdar om det framtidige arbeidet i gruppa. Det vert teke sikte på eit vedtak på ministermøtet i november 2006. Regjeringa ser på Pompidougruppa som eit viktig forum for informasjonsutveksling og tiltaksutvikling.

5.4 Innvandringsspørsmål og nasjonale minoriteter

5.4.1 Nasjonale minoriteter

Ministerrådet vedtok i november 2004 å oppattnemne Ekspertkomiteen for trygging og vern av nasjonale minoriteter, der Noreg deltek. Ekspertkomiteen er eit forum for utveksling av informasjon, synspunkt og røynsler med tiltak for å betre situasjonen for nasjonale minoriteter i dei enskilte medlemslanda og i høve til internasjonale avtaler og konvensjonar. Noreg er representert i ei ekspertgruppe for romspørsmål, som er oppnemnd av Styringskomiteen for migrasjon. Ho har mellom anna handsama spørsmålet om skuldingar om tvangssterilisering av romkvinner i Slovakia. Noreg har i denne samanhengen informert om arbeidet med skadebotordningar for tvangssteriliserte romanikvinner i Noreg. Det har vore stor interesse i ekspertgruppa både for den norske erkjenninga av at tvangssterilisering har gått føre seg, og for arbeidet med skadebot. Europarådet har bede Sverige i samarbeid med Noreg om å arrangere eit seminar med dette temaet.

5.4.2 Innvandringsspørsmål

Ekspertkomiteen for statsborgarskap utarbeidde i 1997 den europeiske konvensjonen om statsborgarskap. Noreg deltek i ekspertkomiteen, der det no vert arbeidd med statsborgarspørsmål som ikkje er regulerte i konvensjonen. I 2003 vart det starta arbeid med eit tilleggsinstrument om statsløyse i samband med statssuksesjon. Komiteen slutførde ein protokoll om dette i 2004. Denne vart lagd fram for styringskomiteen i april 2005.

Noreg er representert i Europarådets adhoc-ekspertgruppe for rettslege aspekt ved territorialt asyl, flyktningar og statslause personar. Denne vedtok i 2005 ei tilråding om internt fordrivne personar, som er oversendt ministerkomiteen for vedtak.

Sidan 2002 har ekspertgruppa utarbeidd ei rekkje utkast til tilrådingar om mellom anna minimumsstandardar i forvaring av asylsøkjjarar, om felles definisjon av omgrepet «medlemskap i ei spesiell sosial gruppe» etter føresegnene i flyktningkonvensjonen, om tolking av vilkåra for eksklusjon frå flyktningstatus i samsvar med føresegnene i flyktningkonvensjonen, om retningslinjer for tvungen retur av personar utan lovleg opphald i eit medlemsland, og om retningslinjer for tvungen retur av personar utan lovleg opphald i eit medlemsland. Alle tilrådingane er no vedtekne av ministerkomiteen.

I samband med handsaminga av det ordinære budsjettet for 2006 vart det i desember 2005 vedteke å utsetje aktivitetane i komiteen til 2007. Det inneber at det ikkje vert halde noko møte i komiteen i 2006.

Arbeidet med migrasjons- og integreringsspørsmål vert leidd av Styringskomiteen for migrasjon. Noreg deltek i byrået og sit som viseformann i komiteen. Styringskomiteen har teke til å førebu ein konferanse for ministrarar med ansvar for innvandring og integrering. Ministerkonferansen skal haldast i Ukraina i 2008. Innanfor ramma av den såkalla politiske plattformen har komiteen halde to møte med land utanfor Europarådet. Føremålet med plattformen er å skipe eit breiare forum for diskusjon av migrasjonsspørsmål. Tema for desse sesjonane har vore samarbeid for utvikling og korleis migrantar vert framstilt i media. Komiteen arbeider òg med ei tilråding om utenlandske studantar og rettane deira.

5.5 Born og ungdom

5.5.1 Barnepolitisk samarbeid

Styringskomiteen for sosialt samhøyr handterer sosialpolitiske spørsmål om mellom anna barne- og familiepolitikk, trygd og arbeid. Noreg deltek òg i Ekspertkomiteen for born og familiar. Ei ny tilråding om rettane til born og unge i institusjonar vart vedteken av ministerkomiteen i 2005. Noreg la stor vekt på å få forhandla fram den viktige tilrådinga og spela ei aktiv rolle i utforminga av henne.

I samarbeidet om barnepolitikk er dei prioriterte aktivitetane dei næraste tre åra (2006–2008) i hovudsak knytt til det nye treårige barneprogrammet «Building a Europe for and with Children», som vart vedteke på toppmøtet. Eit sentralt tiltak i handlingsplanen er å utvikle retningslinjer og nasjonale strategiar for førebyggjande tiltak og vern av born og unge som vert utsett for vald. I arbeidet med utforminga av tilrådingane frå Europarådet skal Noreg ha ei pilotrolle saman med Romania. Arbeidet må sjåast i samanheng med den globale kartlegginga som FN gjer av vald mot born.

Noreg deltok i førebuingane og gjennomføringa av ei regional høyring for Europa og Sentral-Asia om vald mot born i Ljubljana i juli 2005. Den slovenske regjeringa var vertskap saman med Europarådet og ulike FN-organ. Representantar for Redd Barna, PRESS (ungdomsorganisasjonen til Redd Barna) og Plan Noreg deltok aktivt under høyringa. Høyringa vart avløyst av ein regional konferanse om oppfølginga av verdskongressen

mot seksuell utnytting av born i Yokohama i 2001. Merksemda mot handel med born og seksuell utnytting av born er aukande, men dette problemet er framleis omfattande både i Europa og andre verdsdelar. Denne utfordringa vert fanga opp i det nye barneprogrammet i samanheng med førebyggjande tiltak og vern av born mot vald.

Europarådet har frå 2006 styrkt dei samordnande funksjonane for handsaming av aktivitetane for born, mellom anna ved hjelp av det nye barneprogrammet. Noreg deltek aktivt i det førebuande arbeidet med konferansen for familieministrar i Portugal i mai 2006. Han vil ha fokus på mellom anna godt foreldreskap og oppseding av born.

5.5.2 Ungdomspolitisk samarbeid

Europarådet sitt arbeid med ungdom vert utvikla og gjennomført i eit nært samarbeid mellom medlemslanda, frivillige internasjonale barne- og ungdomsorganisasjonar, nasjonale ungdomsråd i medlemslanda og andre grupper som arbeider med ungdomsspørsmål internasjonalt. Denne samarbeidsforma set Europarådet i ei særstilling samanlikna med andre mellomstatlege organisasjonar som er engasjerte i arbeid med ungdom. Styringskomiteen for ungdomsspørsmål omfattar alle dei 48 landa som har slutta seg til kulturkonvensjonen til Europarådet (som også er open for land som ikkje er medlemmer av Europarådet). Dei ikkje-statlege barne- og ungdomsorganisasjonane og andre relevante partnarar har ein eigen rådgjevande komité. Styringskomiteen og den rådgjevande komiteen møtest for å drøfte og gjere vedtak om prioriteringane på ungdomsområdet.

Europarådet forvaltar store ressursar i drifta av senter for ungdom i Strasbourg og Budapest og av Det europeiske ungdomsfondet. Sentra for ungdom gjer dei frivillige organisasjonane høve til å gjennomføre kurs og seminar. I tillegg har Europarådet eit eige program for opplæring og skolering av ungdomsleiarar og valde representantar for organisasjonane og ei avtale med Europakommisjonen om denne verksemda. Det europeiske ungdomsfondet gjev økonomisk støtte til ulike aktivitetar og prosjekt på barne- og ungdomsområdet.

I handlingsplanen frå toppmøtet vart det vedteke ein ny ungdomskampanje for mangfald, menneskerettar og deltaking, «All Different – All Equal» 2006–2007. Europarådet har oppnemnt ei styringsgruppe til å planleggje kampanjen. Noreg er med i denne styringsgruppa. Barne- og likestillingsdepartementet har i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet og i samråd med Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorgani-

sasjonar oppnemnt ein nasjonal kampanjekomité som skal førebu og gjennomføre tiltak og aktivitetar i Noreg. Kampanjen er òg prioritert i det norske formannskapsprogrammet i Nordisk ministerråd 2006.

I september 2005 vart det halde ein konferanse i Budapest for statsrådar med ansvar for ungdomspolitik i medlemslanda. Temaet for konferansen var «Menneskeleg vørndnad og sosialt samhøyr: politiske svar på valden blant dei unge». Konferansen vedtok ei erklæring med tilrådingar og ein resolusjon om tiltak for ungdom i perioden 2006–2008.

5.6 Kultur, media og idrett

5.6.1 Kultur

Kulturkonvensjonen dekkjer områda kultur, utdanning, ungdom og idrett. Også i 2005 prioriterte Styringskomiteen for kultur områda tverrkulturell dialog og førebygging av konflikt, gjennomgang av kulturpolitikken i medlemslanda og tiltak for å fremje kulturelt mangfald. Ei av dei norske prioriteringane innanfor kultur på toppmøtet var å styrkje den tverreligiøse og tverrkulturelle dialogen. Dette fekk også gjennomslag. Styringskomiteen for kultur har utarbeidd ein presentasjon med gode døme på aktivitetar som medverkar til tverrkulturell dialog og førebygging av konflikt. Arbeidet vert sett i samband med publikasjonen om europeisk kulturpolitikk, som har som mål å presentere kulturpolitikken i medlemslanda. Styringskomiteen for kultur har i oppfølging av vedtak på toppmøtet mellom anna kome med forslag til tiltak for å vidareutvikle samarbeidet mellom Europarådet og EU.

Ministerkonferansen i Faro i oktober 2005 markerte avslutninga av aktivitetar i samband med 50-årsjubileet for det europeiske kultursamarbeidet. Konferansen understreka trongen for ein nærare definert strategi for tverrkulturelt samarbeid og trongen for ein dialog mellom kulturar og religionar som eit tilskot til å løyse konflikhtar. Det vart vidare slått fast at Europarådet skal styrkje samarbeidet mellom medlemslanda og aktuelle geografiske granneområde, som dei sørlege middelhavslanda og Midtausten, og med andre internasjonale organisasjonar som EU og UNESCO.

5.6.2 Media

Dei mediepolitiske spørsmåla i Europarådet har i første rekkje vorte handterte av Styringskomiteen for massemedia og Den faste komiteen for fjernsyn

over landegrensene. Noreg deltek i begge og i Ekspertgruppa for ytringsfridom og andre grunnleggjande rettar, Ekspertgruppa for demokratiske og sosiale følgjer av digital kringkasting, og i Det rådgjevande panelet for mangfald i media.

Styringskomiteen for massemedia har i fleire år vore særleg oppteken av utviklinga av ein fri og uavhengig mediesektor i Sentral- og Aust-Europa. Dette arbeidet skjer delvis gjennom utvikling av standardar for lovverk om ytringsfridom og rammevilkår for media, men òg gjennom praktiske tiltak for å sikre utvikling av og opplæring i desse standardane.

Ekspertgruppa for ytringsfridom og andre grunnleggjande rettar har hatt som mandat å vurdere korleis ytringsfridomen skal vegast opp mot andre grunnleggjande rettar, til dømes respekt for privatlivet og retten til rettferdig rettargang. Gruppa har også hatt til oppgåve å gjere framlegg om moglege tiltak for korleis media kan medverke til betre forståing mellom folkeslaga. Gruppa sitt utkast til erklæring om ytringsfridom og terrorisme vart vedteke av ministerkomiteen i 2005.

Ekspertgruppa for sosiale og demokratiske følgjer av digital kringkasting har mellom anna drøfta korleis medlemslanda kan fremje spreidinga av digital kringkasting, med hovudvekt på tiltak for å hindre uheldige følgjer av digitalisering av kringkastinga. Europarådskonvensjonen av 1989 om fjernsyn over landegrensene er ratifisert av 31 land, mellom dei Noreg. Den faste komiteen for fjernsynssendingar over landegrensene, som er oppnemnd i medhald av konvensjonen, har mellom anna drøfta spørsmål om bruken av konvensjonen i høve til nye informasjonstenester og reklamefenomen, reglar til vern om mindreårige og trongen for meir samråd mellom reguleringsorgana i medlemslanda. Komiteen har vedteke at medlemslanda annakvart år skal rapportere om reglar og tiltak når det gjeld pornografiske sendingar. Arbeidet med revisjon av konvensjonen har stått sentralt i 2005.

Konferansen for ministrar med ansvar for media i Kiev i mars 2005 dreidde seg om utfordringane i samband med den teknologiske utviklinga, globaliseringa og aukande terrorisme. Det vart vedteke ei erklæring og ein handlingsplan om det vidare arbeidet på det mediepolitiske området. Den politiske erklæringa gjev dei overordna politiske måla for mediepolitikken i medlemslanda og legg vekt på ytringsfridomen og retten til informasjon.

Komitéstrukturen vart endra etter konferansen i Kiev. Det vart oppnemnt fire nye ekspertgrupper.

Noreg er med i Ekspertgruppa for menneskerettar i informasjonssamfunnet og har hatt leiarvervet i Ekspertgruppa for mangfald i media. Den nye styringskomiteen har mellom anna arrangert ei høyring om mediesituasjonen i Kviterussland. Etter pålegg frå ministerkomiteen har styringskomiteen òg drøfta spørsmål om tilhøvet mellom nasjonale reglar for straff for ærekrenkingar og menneskerettane på medieområdet.

5.6.3 Idrett

Idrettskomiteen handsamar dei sentrale aktivitetane til Europarådet på idrettsfeltet. Noreg deltok på det årlege møtet i komiteen og har også delteke i gruppa med ansvar for å følge opp dei pliktene som medlemsstatane har etter Europarådets antidopingkonvensjon. Noreg deltek vidare i Det europeiske forumet for samordning med Verdsantidopingbyrået (WADA), som har ansvar for å samordne synspunkta til europeiske styresmakter i spørsmål omkring WADA. Noreg har ytt eit frivillig økonomisk tilskot til skiping av eit elektronisk system for innsamling av data og presentasjon av nasjonale antidopingprogram.

I budsjettframlegget for 2006 gjorde generalsekretæren framlegg om å fjerne delar av idrettssamarbeidet frå det ordinære budsjettet og i staden plassere samarbeidet innanfor ei delavtale. Dette gjeld ikkje oppfølginga av dei to konvensjonane på idrettsområdet. På budsjettet for 2006 er det sett av midlar til overgangstiltak. Framtida til idrettssamarbeidet vil verte diskutert på det uformelle møtet for ministrar med ansvar for idrett i Moskva i oktober 2006.

5.7 Utdanning

Samarbeidet på utdannings- og forskingsområdet går føre seg i Styringskomiteen for utdanning og Styringskomiteen for høgre utdanning og forskning. Noreg er frå 2004 vald inn i byrået for begge desse komiteane og har derfor eit godt høve til å påverke samarbeidet.

Det særeigne med Komiteen for høgre utdanning og forskning er at han har to representantar for kvart land, ein representant for styresmaktene og ein akademikar. For å gjere arbeidet i komiteen meir synleg har Styringskomiteen for høgre utdanning og forskning dei siste tre åra arrangert ein årleg konferanse og publisert resultatane av arbeidet sitt i ein eigen bokserie. Dette skal halde fram som ei fast ordning.

I 2005 har Styringskomiteen for høgre utdanning og forskning mellom anna arbeidd med verkty

for godkjenning av kvalifikasjonar frå høgere utdanning. Dette gjeld særleg arbeidet i ENIC-nettverket, som samordnar arbeidet med godkjenning av høgere utdanning mellom landa i Europa, Nord-Amerika og Australia. Bolognaprosessen har som mål å gjennomføre eit europeisk rom for høgere utdanning innan 2010. På ministermøtet i Bergen 19.–20. mai 2005 vart talet på medlemmer utvida slik at det no er i alt 45 land som er med i prosessen. Europarådet deltek i prosessen på fleire måtar: gjennom tett oppfølging av arbeidet i den internasjonale oppfølgingsgruppa, ved å utarbeide grunnlagsdokument og ved å hjelpe dei nye landa i prosessen. Komiteen har òg fokusert på offentleg ansvar for høgere utdanning og forskning. Ein har diskutert eit utkast til ei tilråding på området. Ein revidert versjon vil verte lagd fram på plenumsmøtet i 2006.

Styringskomiteen for utdanning varetek samarbeidet innanfor skule og opplæring. Kjerneområda for samarbeidet er språkopplæring, historieundervisning, opplæring i demokrati og menneskerettar og tverrkulturell dialog. Alle desse temaa har høg prioritet frå norsk side.

Det europeiske senteret for moderne språk (ECML) i Graz har som målsetjing å fremje forskning og utvikling innanfor opplæringa i framandspråk. Målgruppa er først og fremst språkforskarar og lærarar. Noreg betaler eit årleg grunntilskott under ei delavtale og deltek i verksemda ved senteret.

Som eit program under Styringskomiteen for utdanning driv Europarådet eit etterutdanningsprogram for lærarar. Noregs tilskot til programmet er eit årleg tilbod om eit kurs i Noreg. Kurset i 2005 hadde temaet «Utdanning i fengsel» og vart halde i Bergen i juni 2005. Programmet «Education for democratic citizenship» skal stimulere medlemslanda til å styrkje opplæring i demokrati. I 2005 vart satsinga markert i alle dei 46 medlemslanda. Utdanningsdirektoratet har i tillegg medverka til ei kartlegging av praktiske tiltak mot diskriminering i skulen. Ein har presentert røynsler frå arbeidet i norske skular som har hatt som siktemål å fremje tverreligiøs og kulturell dialog.

5.8 Kulturminneforvaltning og naturforvaltning

Styringskomiteen for kulturarv har ansvar for å fremje vernet av den fysiske kulturarven i Europa, dvs. kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne. Komiteen forvaltar Granadakonvensjonen om vern av Europas faste kulturminne, Maltakonvensjonen

om vern av den arkeologiske kulturarven og rammekonvensjonen om verdien av kulturarv for samfunnet.

Europarådet vedtok rammekonvensjonen om verdien av kulturarv for samfunnet hausten 2005. Konvensjonen er den første som set kulturarven inn i ein sosial samanheng med dei følgjende dette har for krav om respekt frå samfunnet generelt. Konvensjonen vart opna for underskriving på ministerkonferansen i Faro (sjå òg kap. 5.6.1). Seks land skreiv under konvensjonen i 2005.

Den europeiske landskapskonvensjonen vart stadfesta av Noreg i 2001, som det aller første av medlemslanda i Europarådet. Føremålet er å fremje vern og forvaltning av landskapet. Kvardagslandskapet, der folk bur og arbeider til dagleg, er det sentrale. Konvensjonen gjeld i liten grad statleg vern etter naturvern- eller kulturminnelova. Det er vedteke å oppnemne ein særskild komité for å samordne arbeidet med det vidare arbeidet med konvensjonen.

5.9 Regionalt og kommunalt samarbeid

Styringskomiteen for lokalt og regionalt demokrati arbeider med spørsmål knytte til lokalt sjølvstyre, kommunal økonomi og forvaltning og den statlege styringa av kommunane. Komiteen arbeider mellom anna for å medverke til utvikling av demokratiske institusjonar på lokalt nivå i landa i Sentral- og Aust-Europa. Komiteen har òg ein aktiv dialog med Europarådskongressen for lokale og regionale styresmakter.

Ungarn var vertskap for den 14. konferansen for ministrar med ansvar for lokalt og regionalt demokrati i februar 2005 i Budapest. Ministerkonferansen konkluderte med ei erklæring og ein handlingsplan om godt lokalt og regionalt styresett. Det er vedteke å skipe eit ekspertisenter for reform av lokaldemokratiet i 2006.

Den europeiske konferansen for ministrar med ansvar for regional planlegging arbeider for berekraftig regional utvikling i Europa. Dette er ei brei tilnærming – økonomisk, sosialt, kulturelt og miljømessig. Ministrane har fokus på menneskerettar og demokrati, institusjonsbygging lokalt og regionalt, samt opplæring og utveksling av røynsler mellom nye og gamle medlemsland. Dette er ei viktig informasjons- og inspirasjonskjelde for norsk regional planlegging òg. Ministrane samlast tredjekvart år. Ein tenestemannskomiteé har hand om arbeidet mellom sesjonane. I 2005 har komiteen arbeidd med å følgje opp erklæringar og resolusjonar om den romlege dimensjonen i berekraftig

utvikling og om opplæring av lokale og regionale styresmakter.

Komiteen skal òg fremje berekraftig utvikling. Eit spørsmål som vert handsama, er korleis ungdom, ut frå sine interesser og talent, kan vere ei drivkraft i utviklinga og betre livskvaliteten i heimtraktene sine. Dette høver godt med prioriteringane under den norske formannskapen i Europarådet i 2004. Framlegga frå komiteen kjem truleg opp på neste ministerkonferanse i oktober 2006 i Portugal.

5.10 Dyrevern

Europarådet forvaltar fem konvensjonar som gjeld dyrevern. Det har særleg vore fokus på oppfølginga av tre av desse konvensjonane: konvensjonen om forsøksdyr, konvensjonen om transport og konvensjonen om produksjonsdyr. Det vart ikkje arbeidd

med dei to førstnemnde i 2005 fordi ein venta på at EU skulle klargjere standpunkta sine. Det er oppnemnt ein komité med ansvar for å utarbeide tilrådingar om vern av dei ymse dyreartane under konvensjonen om vern av produksjonsdyr. I 2005 vart det vedteke ei tilråding om hald av fisk i oppdrett. Noreg spela ei aktiv rolle i dette arbeidet. Det står att å utarbeide særskilde tilrådingar for dei ymse artane som vert haldne i oppdrett. Noreg deltek i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide slike tilrådingar.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. april 2006 om Noregs deltaking i Europarådet i 2005 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Erklæringa frå det tredje toppmøtet 16.–17. mai 2005 i Warszawa

1 Warszawaerklæringa

Vi, stats- og regjeringssjefane i medlemsstatane i Europarådet, er samla i Warszawa 16.–17. mai 2005 til det tredje toppmøtet vårt og kan vitne om større alleuropeisk einskap enn nokon gong. Om vi skal kome vidare med å byggje eit Europa utan skiljelinjer, må vi halde fram med å byggje på dei felles verdiane som er nedfelte i vedtektene til Europarådet: demokrati, menneskerettar, rettstryggleik.

Etter toppmøta i Wien (1993) og Strasbourg (1997) har rådet vakse, og det femner no om nesten heile verdsdelen. Vi set pris på det verdfulle tilskotet som parlamentarikarforsamlinga og Kongressen for lokale og regionale styresmakter har ytt i denne samanhengen. Vi ser fram til den dagen då Kviterussland er klar til å slutte seg til Europarådet.

Seksti år etter den andre verdskrigen, tretti år etter sluttdokumentet frå Helsinkikonferansen, tjuufem år etter skipinga av Solidaritet og femten år etter at Berlinmuren fall, heidrar vi alle dei som har gjort det mogleg å leggje smertefulle stridar bak oss og utvide området med demokratisk tryggleik. Den politiske tenkinga som styrer Europa i dag, handlar om inkludering, gjensidig utfylling og sams vilje til multilateralisme tufta på folkeretten.

Men vi er framleis urolige for nokre uløyste konflikhtar som heimsøker visse delar av kontinentet; dei set tryggleiken, einskapen og den demokratiske stabiliteten til medlemsstatane i fare og er eit trugsmål mot folka i medlemsstatane. Vi skal samarbeide for å få til forsoning og politiske løysingar i samsvar med normene og prinsippa i folkeretten.

Dette toppmøtet gjev oss eit nytt høve til å vise at vi framleis vil rette oss etter dei felles verdiane og prinsippa som er rotfesta i den europeiske kulturelle, religiøse og humanistiske arven – ein arv som både er felles og rik på mangfald. Toppmøtet vil òg styrkje Europarådet sitt politiske mandat og auke tilskotet til felles stabilitet og tryggleik når Europa møter nye utfordringar og trugsmål som krev samordna og effektive svar.

Vi kan no rette merksemda mot desse utfordringane og halde fram med å byggje eit samla Europa som er tufta på dei felles verdiane og interessene våre, ved å styrkje samarbeidet og samholdet mellom medlemsstatane. Vi vil framleis vere opne for samarbeid med granneregionane til Europa og resten av verda.

1. Europarådet skal arbeide vidare for hovudmålet sitt, å forsvare og fremje menneskerettar, demokrati og rettstryggleik. I alt arbeidet sitt må rådet sikte mot dette overordna målet. Vi forpliktar oss til å utvikle desse prinsippa slik at alle medlemsstatane kan setje dei ut i livet. Når vi spreier desse verdiane, skal vi styrkje Europarådet som ein effektiv reiskap for alleuropeisk samarbeid på alle relevante område. Vi er òg fastrådde på å halde fram med å styrkje og straumlineforme verksemda, strukturane og arbeidsmåtane til Europarådet ytterlegare og å gjere Europarådet opnare og meir effektivt for på den måten å sikre at det spelar si rette rolle i eit Europa i endring.
2. Ettersom konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane og Den europeiske menneskerettsdomstolen spelar ei uvurderleg rolle når det gjeld å utforme, fremje og gjennomføre menneskerettsstandardar, må vi syte for at dei kan vere effektive. Derfor er vi på kort sikt sterkt forplikta til å gjennomføre dei omfattande tiltaka som vart vedtekne på den 114. sesjonen til ministerkomiteen, som gjeld den raskt veksande saksmengda i domstolen, under dette rask ratifisering og iverksetjing av protokoll 14 til konvensjonen. I tillegg oppnemner vi ei vismannsgruppe som skal utarbeide ein omfattande plan for å sikre at systemet vil fungere godt på lang sikt, samtidig som ho skal ta omsyn til dei første verknadene av protokoll 14 og dei andre vedtaka som vart gjorde i mai 2004.
3. Vi er overtydde om at eit velfungerande demokrati og god styring på alle nivå er avgjerande for å førebyggje konflikhtar, fremje stabilitet og leggje til rette for økonomisk og sosial utvikling

og dermed for å skape berekraftige samfunn der folk ynskjer å bu og arbeide, no og i framtida. Dette målet kan ein berre nå dersom innbyggjarane og det sivile samfunnet deltek aktivt. Medlemsstatane må derfor ta vare på og utvikle effektive, opne og ansvarlege demokratiske institusjonar som tek omsyn til kva alle treng og ynskjer. Tida er inne for å auke Europarådet sin innsats i denne leia, særleg gjennom skipinga av Forumet for framtida til demokratiet.

4. Vi har forplikta oss til å fremje rettstryggleiken i heile verdsdelen på grunnlag av Europarådet sitt potensial til å setje standardar og sitt tilskot til utvikling av folkeretten. Vi vil her understreke kor viktig det i denne samanhengen er med ei uavhengig og effektiv dømande makt i medlemsstatane. Vi vil vidareutvikle det rettslege samarbeidet i Europarådet for å betre tryggleiken til innbyggjarane våre og for å få verkeleggjort måla som er nedfelte i vedtektenene til rådet, i heile verdsdelen.
5. Vi har sett oss føre at alle skyldnader knytte til medlemskap i Europarådet skal oppfyllast. For dette føremålet vil politisk dialog mellom medlemsstatane, som er forplikta til å fremje demokratisk ordskitte og rettstryggleik, evaluering, deling av bestepaksisar, hjelp og overvaking – som vi på ny gjev klar støtte til – verte nytta fullt ut. Vi skal arbeide for vidast mogleg aksept av Europarådet sine konvensjonar og fremje gjennomføringa av dei med sikte på å styrkje felles standardar på områda menneskerettar, demokrati og rettstryggleik.
6. Vi skal fremje europeisk identitet og einskap tufta på sams grunnverdiar, respekt for den felles arven vår og det kulturelle mangfaldet. Vi har sett oss føre å sikre at mangfaldet vårt vert ei kjelde til gjensidig vinning, mellom anna ved å fremje politisk, tverrkulturell dialog og tverreligjøs dialog. Vi vil halde fram arbeidet med nasjonale minoritetar og dermed styrkje utviklinga av demokratisk stabilitet. For å utvikle forståing og tillit mellom europearar vil vi fremje mellommenneskeleg kontakt og utveksle gode praksisar for fri rørsle for personar innanfor verdsdelen med det målet å byggje eit Europa utan skiljelinjer.
7. Vi er fastrådde på å byggje solidariske samfunn ved å sikre like sosiale rettar for alle, å motarbeide utestenging og å gje utsette samfunnsgrupper vern. Vi ser den europeiske sosialpakta som svært viktig på dette området og stør det som no blir gjort for å gje pakta større gjen-

nomslag i utviklinga av sosialpolitikken i medlemsstatane. Vi har sett oss føre å gjere samfunna våre meir solidariske på områda sosial- og helsepolitikk, utdanning og kultur.

8. Vi er fastrådde på å sikre tryggleiken for borgarane våre samtidig som vi skal vise full respekt for menneskerettane og dei grunnleggjande fri-domane og oppfylle dei andre internasjonale skyldnadene våre på dette området. Europarådet vil halde fram kampen mot terrorisme, som er eit av dei største trugsmåla mot demokratiske samfunn og ikkje kan rettferdiggjera i nokon samanheng eller i nokon kultur. Rådet vil òg styrkje innsatsen i kampen mot korrupsjon, organisert kriminalitet – medrekna kvitvasking av pengar og økonomisk kriminalitet – menneskehandel, kyberkriminalitet og utfordringar som følgjer med vitskapleg og teknologisk utvikling. Mot desse trugsmåla skal vi fremje tiltak tufta på verdigrunnlaget vårt.
9. Vi fordømmer sterkt alle former for intoleranse og diskriminering, særleg dei som er grunna på kjønn, rase og religion, medrekna antisemitisme og islamofobi. Vi stadfester at vi er fastrådde på å vidareutvikle reglar og effektive system i Europarådet for å førebyggje og få bukt med desse fenomena. Vi vil òg setje i verk fleire jamstillingstiltak i medlemsstatane, og vi vil styrkje arbeidet for røyndleg jamstilling mellom kvinner og menn på alle samfunnsområde. Vi forpliktar oss til å få slutt på valden mot kvinner og born, medrekna vald i heimen.
10. Vi er fastrådde på å syte for at Europarådet og andre organisasjonar som er med på å byggje eit demokratisk og trygt Europa, utfyller kvarandre.
 - Vi har sett oss føre å skape ei ny ramme for betre samarbeid og samhandling mellom Europarådet og Den europeiske unionen på område som begge organisasjonane er opptekne av, særleg når det gjeld menneskerettar, demokrati og rettstryggleik.
 - Vi gjev kollegaen vår Jean-Claude Juncker i personleg oppdrag å utarbeide ein rapport om tilhøvet mellom Europarådet og Den europeiske unionen på grunnlag av vedtaka frå toppmøtet og ta omsyn til den viktige menneskelege dimensjonen i det europeiske byggverket.
 - Vi har òg sett oss føre å syte for betre praktisk samarbeid mellom Europarådet og OSSE og ser lyst på dei utsiktene til betre samverknad som felleserklæringa frå dette toppmøtet opnar for.

- Vi forpliktar oss til å fremje samarbeid mellom Europarådet og Dei sameinte nasjonane og til å nå tusenårsmåla i Europa.

For å få organisasjonen inn på denne nye kursen vil vi følgje den vedlagde handlingsplanen.

Vi forpliktar statane i organisasjonen til å fremje dei oppgåvene og målsetjingane som kjem til uttrykk i vedtaka frå dette toppmøtet, både i

Europarådet og i andre internasjonale fora og organisasjonar vi er medlemmer av.

Vi avsluttar dette toppmøtet i Polen med å heidre minnet om pave Johannes Paul II.

Vi oppmodar alle europearar til å slutte seg til verdigrunnlaget for arbeidet til Europarådet – menneskerettar, demokrati og rettstryggleik – og til å verte med oss og gjere Europa til eit kreativt samfunn som er ope for kunnskap og ulike kulturar, og som er eit sivil og solidarisk samfunn.

Vedlegg 2

Handlingsplan frå det tredje toppmøtet mellom stats- og regjeringssjefane i Europarådet (Warszawa, 16.–17. mai 2005)

Vi, stats- og regjeringssjefane i medlemslanda i Europarådet, som møttest i Warszawa 16. og 17. mai 2005, har skissert denne handlingsplanen, som fastset dei viktigaste oppgåvene til Europarådet i dei komande åra.

I – Fremje felles grunnleggjande verdiar: menneskerettar, rettstryggleik og demokrati

1. Sikre at den europeiske menneskerettskonvensjonen framleis verkar effektivt

Vi skal med alle høvelege middel sikre at konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane verkar effektivt på lang sikt. For dette føremålet skal vi gje Den europeiske menneskerettsdomstolen den støtta som krevst, og gjennomføre alle dei reformtiltaka som vart vedtekne på det 114. ministerkomitémøtet i mai 2004, i samsvar med alle dei nærare føresegnene. Dette tenkjer ein seg skal omfatte ratifisering av protokoll nr. 14 til konvensjonen, som er avgjerande for effektiviteten til den europeiske menneskerettskonvensjonen i framtida.

På nasjonalt plan skal vi sikre at

- det finst høvelege og effektive mekanismar i alle medlemsstatane for å verifisere at lovgjeving og forvaltingspraksis er i samsvar med konvensjonen,
- det finst effektive nasjonale rettsmiddel for kvar person som har ei framførbar klage om eit brot på konvensjonen,
- tilstrekkeleg opplæring i konvensjonsstandardar vert integrert fullt ut i universitetsutdanning og yrkesretta opplæring; derfor vedtek vi å lansere eit europeisk program for menneskerettsutdanning for juristar og oppmodar medlemsstatane til å medverke til at det vert gjennomført.

Ministerkomiteen skal gjennomgå gjennomføringa av desse tiltaka jamleg og med innsyn.

Vi skipar ei gruppe av vise personar til å vurdere spørsmålet om den langsiktige effektiviteten av kontrollmekanismen i den europeiske menne-

skerettskonvensjonen, mellom anna dei første verknadene av protokoll 14 og dei andre vedtaka som vart gjorde i mai 2004. Vi ber dei om å kome med, så snart som mogleg, framlegg som går lenger enn desse tiltaka, og samtidig følgjer den grunnleggjande filosofien som ligg til grunn for den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Vi understrekar at alle medlemsstatane må skunde på og gjennomføre fullt ut dommane frå domstolen. Vi pålegg ministerkomiteen å utarbeide og gjennomføre alle dei tiltaka som krevst for å oppnå dette, særleg når det gjeld dommar som avslører strukturelle problem, medrekna problem som er av tilbakevendande art.

2. Verne og fremje menneskerettane gjennom dei andre institusjonane og mekanismene under Europarådet

Som det primære forumet for vern og fremjing av menneskerettane i Europa skal Europarådet – gjennom sine ulike mekanismar og institusjonar – spele ei dynamisk rolle når det gjeld å verne ein-skildmennesket sin rett og fremje det uvurderlege engasjementet til ikkje-statlege organisasjonar til å aktivt forsvare menneskerettane.

Vi pliktar oss til å styrkje institusjonen Europarådets kommissær for menneskerettar, som har prova at han er effektiv, ved å stille til rådvelde dei midlane som krevst for at kommissæren skal kunne fylle funksjonane sine, særleg i lys av iverksetjinga av protokoll nr. 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Vi skal framleis støtte Den europeiske komiteen til førebygging av tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande handsaming eller straff (CPT) og den unike rolla han spelar, ved å vitje fengsel, for å betre tilhøva for dei innsette. Vi ber òg om jamlege oppdateringar av dei europeiske fengselsreglane for å få eit grunnlag for å fastsetje fengselsstandardar. Europarådet vil hjelpe medlemsstatane med å sikre gjennomføring av reglane.

Vi vil intensivere kampen mot rasisme, diskriminering og alle former for intoleranse samt freist-

nader på å rettferdiggjere nazismen. Vi skal derfor gjere Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI) det han treng for å kunne utføre arbeidet sitt, i nært samarbeid med nasjonale styresmakter og institusjonar og det sivile samfunnet i medlemsstatane. Vi ynskjer velkomen ECRIs rolle i arbeidet med å finne gode praksisar og ECRIs allmenne politiske tilrådingar, og vi vedtek å spreie dei vidt. Vi vil sikre samordning av ECRIs aktivitetar med tilsvarende aktivitetar i Den europeiske unionen og OSSE og andre aktuelle internasjonale organ.

Vi minner om vedtaket som vart gjort på toppmøtet i Strasbourg om «å trappe opp samarbeidet når det gjeld vern av alle personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar». Europas brokete historie har vist at nasjonale minoritetar må vernast for at det skal vere fred, og for at det skal kunne utviklast demokratisk stabilitet. Eit samfunn som oppfattar seg som pluralistisk, må tillate at identitetane til minoritetane, som gjer samfunna våre rikare, vert bevarte og blømer. Vi oppmodar derfor Europarådet til å halde fram med aktivitetane sine for å verne minoritetar, særleg gjennom Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar, og å verne regionale språk gjennom den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

3. Styrkje demokrati, god styring og rettstryggleik i medlemsstatane

Vi vil arbeide for det felles målet vårt om å fremje demokrati og god styring av høgaste kvalitet nasjonalt, regionalt og lokalt for alle innbyggjarane våre og halde fram den pågåande kampen mot alle former for totalitarisme.

Vi vedtek, innanfor dei eksisterande strukturaner til organisasjonen som heilskap

- å skipe eit europarådsforum for framtida til demokratiet for å styrkje demokratiet, politiske fri-domar og borgardeltaking, samtidig som vi hug-sar mellom anna konklusjonane frå Barcelona-konferansen 17.–19. november 2004. Det skal vere ope for alle medlemsstatane og det sivile samfunnet, representert ved avgjerdstakarar, tenestemenn, utøvarar eller akademikarar. Det skal gjere det mogleg å utveksle idear, informasjon og eksempel på bestepraksisar, og å drøfte moglege framtidige tiltak. Forumet vil arbeide nært saman med Veneziakommisjonen og andre aktuelle europarådsorgan med sikte på å styrkje, gjennom refleksjon og framlegg, arbeidet til organisasjonen på demokratiområdet,
- å søkje, i partnerskap med parlamentarikarfor-samlinga og Kongressen for lokale og regiona-

le styresmakter, mellomstatleg samarbeid om demokrati og god styring på alle plan,

- å vidareutvikle det tverrnasjonale samarbeidet, etter som det trengst, og standardar for demokrati og god styring, mellom anna for ein til-fredsstillande verkemåte for statsforvaltningane våre,
- å ta dei stega som krevst, mellom anna ved å skipe, innanfor sekretariatet, eit senter for sak-kunne om kommunereform, for å gjennomføre Agendaen for yting av god lokal og regional styr-ring, som vart vedteken på den 14. sesjonen til den europeiske kommunal- og regionalmini-sterkonferansen (Budapest, 24.–25. februar 2005), ved å fremje standardar og gode praksisar og ved å hjelpe medlemsstatane med kapa-sitetsbygging på lokalt og regionalt plan, i nært samarbeid med kongressen,
- å styrkje deltakinga frå ikkje-statlege organisa-sjonar i europarådsaktivitetar som eit avgjeran-de element i tilskotet frå det sivile samfunnet til innsyn og ansvar i demokratisk styring.

Vi tek opp att forpliktinga vår til å garantere og fremje ytrings- og informasjonsfridom og mediefri-dom som eit kjerneelement i demokratia våre. Vi legg derfor særleg vekt på arbeidet som er utført av Europarådet på dette området, og vi støttar fullt ut erklæringa og handlingsplanen som vart ved-tekne på den 7. europeiske ministerkonferansen om massemediepolitikk (Kiev, 10.–11. mars 2005). Vi oppmodar til samarbeid mellom Europarådet og OSSE på dette området.

Lik deltaking av både kvinner og menn er eit avgjerande element i demokratiet. Vi stadfestar derfor forpliktinga vår til å oppnå reell likestilling mellom kvinner og menn. Vi vil styrkje integrering av likestillingsperspektivet i nasjonale politikkar, utarbeide retningslinjer og metodar for ytterlegare framgang når det gjeld likestilling mellom kvinner og menn, fremje skiping av nasjonale likestillings-mekanismer og styrkje gjennomføringa av Beijing-handlingsplanen til Dei sameinte nasjonane.

Vi oppmodar medlemsstatane til å søkje råd og hjelp frå Den europeiske kommisjonen for demo-krati gjennom lovgjeving («Veneziakommisjonen») om vidareutvikling av europeiske standardar, sær-leg når det gjeld verkemåten av dei demokratiske institusjonane og valrett. For å sikre gjennomfø-ringa av europeiske standardar på nasjonalt plan bør kommisjonen trappe opp samarbeidet sitt med forfatningsdomstolar og domstolar med tilsva-rande domsmakt som spelar ei nøkkelrolle i denne samanhengen.

Vi vil nytte oss fullt ut av Europarådets potensial til å setje standardar og vil fremje gjennomføring og vidareutvikling av organisasjonens rettslege instrument og mekanismar for samarbeid om rettslege spørsmål, samtidig som vi hugsar konklusjonane frå den 26. konferansen for europeiske justisministrar (Helsinki, 7.–8. april 2005).

Vi vedtek å utvikle evaluerings- og hjelpefunksjonane til Den europeiske kommisjonen for effektivitet i rettsstellet (CEPEJ) og å gjere god bruk av utgreiingane frå Det rådgjevande rådet for europeiske dommarar (CCJE) for å hjelpe medlemsstatane med å øve rettferd rettferdig og raskt og å utvikle alternative måtar å løyse tvistar på.

Statsborgarrett i heile si breidd, medrekna fremjing av å få statsborgarrett, og familierett er fokusområde for Europarådet. Rådet, som den høvelege internasjonale organisasjonen, vil halde fram med å utvikle arbeidet sitt på desse rettsområda.

4. Sikre etterleving av forpliktingane som medlemsstatane har teke på seg, og fremje politisk dialog

Europarådet er eit alleuropeisk politisk forum som samlar medlemsstatar som har forplikta seg til å fremje demokratisk ordsifte og rettstryggleik.

Vi vil halde fram dei felles freistnadene våre på å sikre streng etterleving av medlemsstatane sine forpliktingar overfor dei vedtekne fellesstandardane. Standardsetjing på justisområdet og andre aktuelle rettsområde og ikkje-diskriminerande overvakingssystemar bør framleis nyttast for å hjelpe medlemsstatane med å løyse problema og utvikle rettsskipnadene sine. Overvaking må, etter som det trengst, følgjast av hjelp og fagleg støtte frå Europarådet. I denne samanhengen oppmodar vi til å framleis samarbeide om opplæring av dommarar og lovhandhevingstenestemenn.

Europarådet bør framleis fremje ein fruktbar dialog i ministerkomiteen og parlamentarikarforsamlinga. Kongressen for lokale og regionale styresmakter må framleis fremje lokaldemokrati og desentralisering, samtidig som han tek omsyn til den interne organiseringa i dei landa det gjeld, slik at ein når alle nivå i det europeiske samfunnet. Den politiske dialogen bør utnytte potensialet som organisasjonen har til å fremje gjensidig forståing mellom medlemsstatane, og på den måten styrkje einskapen i Europa og medverke til å oppfylle forpliktinga til å bygge Europa utan skiljelinjer.

For dette føremålet vil Europarådet, i samarbeid med Den europeiske unionen, framleis fremje utveksling av gode praksisar når det gjeld fri rørsle av personar, med sikte på å ytterlegare forbetre

kontakten og utvekslinga mellom europearar på heile kontinentet.

5. Utvide rolla til Europarådets utviklingsbank

Vi ber Europarådets utviklingsbank (CEB), samtidig som vi stadfestar bankens tradisjonelle rolle på vegner av folk i naud og av sosial utjamning, om også å leggje til rette for, med sine eigne handlingsmiddel, gjennomføring av politikk som tek sikte på konsolidering av demokrati, fremjing av rettstryggleik og respekt for menneskerettar, særleg på området opplæring av dommarar, tenestemenn og andre deltakarar i det offentlege livet og innan organisering og drift av og infrastruktur i forvaltning og offentlig rettsstell.

II – Styrkje tryggleiken til europeiske borgarar

1. Nedkjempe terrorisme

Vi fordømmer sterkt terrorisme, som utgjer eit trugsmål og ei stor utfordring for samfunnet vårt. Det krevst ein fast, sameint reaksjon frå Europa, som ein integrerande del av dei globale antiterrorfreistnadene under leiarskap av Dei sameinte nasjonane. Vi ynskjer velkomen den nye Europarådskonvensjonen om førebygging av terrorisme, som vart opna for underskriving under toppmøtet, og viser også til andre instrument og dokument som Europarådet har utarbeidd så langt for å nedkjempe terrorisme. Vi oppmodar alle medlemsstatane til å respektere menneskerettane og til å verne ofra når dei kjempar mot denne svepa, i samsvar med retningslinjene som vart utarbeidd av Europarådet i høvesvis 2002 og 2005.

Vi vil identifisere andre retta tiltak for å nedkjempe terrorisme og sikre nært samarbeid og samordning av felles antiterrorfreistnader med andre internasjonale organisasjonar, særleg Dei sameinte nasjonane.

2. Nedkjempe korrupsjon og organisert kriminalitet

Gruppa av statar mot korrupsjon (GRECO) har prova at ho er effektiv. Derfor ber vi dei medlemsstatane som ikkje alt har slutta seg til gruppa, om å gjere det så snart som mogleg og å ratifisere den strafferettslege og den sivilrettslege konvensjonen om korrupsjon. Ettersom korrupsjon er eit global fenomen, vil Europarådet trappe opp samarbeidet med OECD og Dei sameinte nasjonane for å nedkjempe det på globalt plan. Ein auke i talet på medlemmer i GRECO og ei ytterlegare utviding til å omfatte statar som ikkje er medlemmer i Europarådet, ville medverke til at dette målet vert nådd. Vi

rosar også arbeidet som er gjort av MONEYVAL for å overvake tiltak mot kvitvasking, mellom anna finansiering av terrorisme. MONEYVAL bør halde fram med å styrkje banda sine til Innsatsgruppa mot kvitvasking (FATF) under leiing av OECD.

Vi ynskjer velkomen revisjonen av konvensjonen om kvitvasking, ransaking, beslag og inndraging av økonomisk utbytte frå straffbare handlingar (1990) og opninga for underskriving av den reviderde konvensjonen på toppmøtet. Vi oppmodar til underskriving og ratifisering av konvensjonen.

Europarådet vil halde fram med å gjennomføre programma sine for fagleg hjelp for interesserte medlemsstatar. Det vil også støtte styrkt internasjonalt samarbeid i kampen mot tverrnasjonal organisert kriminalitet og narkotikahandel.

3. Nedkjempe handel med menneske

Vi fordømmer klart handel med menneske, som undergrev høvet til å nyte menneskerettar og er ei krenking av verdet og integriteten til mennesket. Vi ynskjer velkomen opninga for underskriving på toppmøtet av Europarådskonvensjonen om tiltak mot handel med menneske og oppmodar til vidast mogleg ratifisering og rask iverksetjing. Dette er eit stort steg i kampen mot handel med menneske. Det vil styrkje førebygginga av handelen med menneske, effektiv forfølging av gjerningsmennene og vernet av menneskerettane til ofra. Den uavhengige overvakingsmekanismen som konvensjonen skipar, vil sikre at partane kan gjennomføre han effektivt. Vi vil sikre nært samarbeid mellom Europarådet, Dei sameinte nasjonane, Den europeiske unionen og OSSE på dette området.

4. Nedkjempe vald mot kvinner

Europarådet vil gjere tiltak for å nedkjempe vald mot kvinner, mellom anna vald i heimen. Det vil oppnemne ei innsatsgruppe for å evaluere framgangen på nasjonalt plan og skipe instrument for å kvantifisere utviklingstrekk på alleuropeisk nivå med sikte på å utarbeide framlegg til tiltak. Det skal utarbeidast ein alleuropeisk kampanje for å nedkjempe vald mot kvinner, mellom anna vald i heimen, som skal gjennomførast i nært samarbeid med andre europeiske og nasjonale aktørar, mellom andre ikkje-statlege organisasjonar.

5. Nedkjempe cyberkriminalitet og styrkje menneskerettane i informasjonssamfunnet

Vi stadfestar at respekt for menneskerettane er viktig i informasjonssamfunnet; særleg gjeld dette ytrings- og informasjonsfridomen og retten til respekt for privatlivet.

Europarådet skal vidare utarbeide prinsipp og retningslinjer for å sikre respekt for menneskerettane og rettstryggleiken i informasjonssamfunnet. Det vil ta tak i utfordringar som er skapt av bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologiar (IKT) med sikte på å verne menneskerettane mot brot som stammar frå misbruk av IKT.

Vi vil også ta initiativ til at medlemsstatane våre nyttar seg av dei føremonene som informasjonssamfunnet gjev. I denne samanhengen vil Europarådet undersøkje korleis IKT kan leggje til rette for demokratisk reform og praksis. Europarådet skal også halde fram arbeidet sitt om born i informasjonssamfunnet, særleg når det gjeld å utvikle dugleiken deira i mediekunne og sikre at dei vert verna mot skadeleg innhald.

Vi fordømmer alle former for IKT-bruk som fremjer kriminell aktivitet. Vi ber derfor alle medlemsstatane om å underskrive og ratifisere konvensjonen om cyberkriminalitet og å vurdere å underskrive tilleggsprotokollen om kriminalisering av handlingar av rasistisk og framandfiendtleg art som vert gjorde ved hjelp av datamaskinsystem, som er dei første bindande internasjonale instrumenta om emnet.

6. Fremje etikk innanfor biomedisin

Europarådet skal halde fram arbeidet sitt med å setje standardar for bioetikk. Vi oppmodar til underskriving av protokollen om transplantasjon, vedtaking av føresegnar som tilsvarar tilrådingane om xenotransplantasjon, og ytterlegare arbeid om bruk av genetisk prøving utanfor det medisinske området som inneber diskriminering når det gjeld tilgang til sysselsetting og forsikring.

7. Fremje berekraftig utvikling

Vi er forplikta til å betre livskvaliteten for borgarane. Europarådet skal derfor, på grunnlag av eksisterande instrument, vidareutvikle og støtte integrerte politikkar på områda miljø, landskap, arealplanlegging og førebygging og handtering av naturkatastrofar, i eit berekraftig utvikling-perspektiv.

III – Byggje eit meir humant og inkluderande europa

Vi er overtydde om at sosial utjamning, samt utdanning og kultur, er avgjerande faktorar for å kunne få ei effektiv gjennomføring av Europarådets kjerneverdiar i samfunna våre og for den langsiktige tryggleiken til europearane. Europarådet vil derfor fremje ein modell for demokratisk kultur, som underbyggjer lovgjeving og institusjonar og

aktivt involverer det sivile samfunnet og innbyggjarane.

1. Sikre sosial utjamning

Europarådet vil trappe opp arbeidet sitt på det sosialpolitiske området på grunnlag av den europeiske sosialpakta og andre aktuelle instrument. Den sentrale oppgåva er å saman definere tiltak og løysingar som kan vere effektive når det gjeld å kjempe mot fattigdom og utstøying, å sikre rettferdig tilgang til sosial rettar og å verne utsette grupper. Europarådet, som fungerer som eit forum for alleuropeisk samarbeid på det sosiale området, vil utarbeide tilrådingar og fremje utveksling av beste praksisar på desse områda samt styrkje hjelpa til medlemsstatane.

Vi pålegg ministerkomiteen å oppnemne ei høgnivåinnsatsgruppe til å gjennomgå Europarådets strategi for å fremje sosial utjamning på 2000-talet, i lys av dei resultata som organisasjonen har oppnådd på dette området. Politikkar til å fremje sosial utjamning må ta omsyn til dei utfordringane som aldring og andre sosiale og økonomiske utviklingstrekk stiller oss overfor.

Vi er samde om at vern av helse som ein sosial menneskerett er ein avgjerande føresetnad for sosial utjamning og økonomisk stabilitet. Vi støttar gjennomføringa av ei strategisk integrert tilnærming til helse og helserelaterte aktivitetar. Særleg vil arbeidet med lik tilgang til omsorg av høveleg kvalitet og tenester som oppfyller trongen til folket i medlemsstatane våre, verte intensivert. Identifisering av standardar for pasientorientert omsorg vil vere ein nøkkelkomponent i dette arbeidet.

Vi stadfestar forpliktinga vår til å kjempe mot all slags utstøying av og utryggeleik til romsamfunna i Europa og å fremje full og effektiv likskap. Vi ventar at Det europeiske forumet for rom og reisande vil tillate rom og reisande å uttrykkje seg med aktiv støtte frå Europarådet. Det vil verte teke steg for å skipe eit samarbeid mellom Europarådet, Den europeiske unionen og OSSE på dette området.

Vi vil konsolidere Europarådets arbeid med uførespørsmål og støttar vedtakinga og gjennomføringa av ein tiårshandlingsplan som er utforma med sikte på å få til avgjerande framgang når det gjeld å sikre like rettar for folk med funksjonshemmingar.

2. Byggje eit Europa for born

Vi er fastrådde på å effektivt fremje barnerettane og å fullt ut etterleve forpliktingane i FN-konvensjonen om barnerettane. Det vil verte gjennomført eit barnerettsperspektiv i alle aktivitetane til Euro-

parådet, og det må sikrast ei effektiv samordning av barnerelaterte aktivitetar i organisasjonen.

Vi vil gjere konkrete tiltak for å utrydde alle former for vald mot born. Vi vedtek derfor å lansere eit treårig handlingsprogram for å ta tak i sosiale, rettslege, helsemessige og utdanningsmessige dimensjonar av dei ulike formene for vald mot born. Vi skal òg utarbeide tiltak, mellom anna rettslege instrument dersom det er høveleg, for å gjere slutt på seksuell utnytting av born og involvere det sivile samfunnet i denne prosessen. Samordning med Dei sameinte nasjonane på dette området er avgjerande, særleg i samband med oppfølging av den valfrie protokollen til konvensjonen om barnerettane, om sal av born, barneprostitusjon og barnepornografi.

3. Utdanning: fremje demokratisk borgarskap i Europa

Oppgåvene med å byggje eit kunnskapsbasert samfunn og å fremje ein demokratisk kultur blant borgarane våre krev sterkare innsats av Europarådet på området utdanning med sikte på å sikre tilgang til utdanning for all ungdom i heile Europa, å betre kvaliteten på utdanninga og å fremje mellom anna omfattande utdanning i menneskerettane.

Vi vil gjere full bruk av høvet til å auke medvitet hos ålmenta om europeiske standardar og verdier som «det europeiske året for borgarskap gjennom utdanning» har gjeve oss. Europarådet skal byggje på arbeidet sitt om språklæring og godkjenning av diplom og kvalifikasjonar. Det skal framleis spele ei viktig rolle i Bolognaprosessen, som tek sikte på å skipe eit europeisk område for høgare utdanning innan 2010. Det vil aktivt fremje samarbeid og nettverksbygging på området utdanning og studentutvekslingar på alle plan.

Europarådet vil styrkje alle høve til opplæring av pedagogar på områda utdanning for demokratisk borgarskap, menneskerettar, historie og tverrkulturell utdanning. Det vil fremje aktuelle tverrkulturelle program og utvekslingar på vidaregåande skule-nivå, både innanfor Europa og med granneland.

Europarådet vil også vidareutvikle nettet av skular med politiske studium med sikte på å fremje europeiske kjerneverdier blant dei nye generasjonane.

4. Utvikle ungdomssamarbeid

Vi vil intensivere freistnadene våre på å myndiggjere ungdom til å aktivt delta i demokratiske prosessar slik at dei kan medverke til fremjinga av kjerneverdiane våre. Europarådets ungdomssenter og Det europeiske ungdomsfondet er viktige

instrument i denne samanhengen. Vi vil integrere eit ungdomsperspektiv i alle aktivitetane til Europarådet. For å fremje mangfald, integrering og deltaking i samfunnet vedtek vi å lansere ein alleuropeisk ungdomskampanje i pakt med «den europeiske ungdomskampanjen mot rasisme, framandfrykt, antisemittisme og intoleranse» (1995).

Europarådet vil vidareutvikle den unike stillinga det har på ungdomsområdet. Det vil framleis hjelpe medlemsstatane med å utvikle nasjonale og lokale politikkinstrument og aktivt fremje ungdomsutvekslingar og ungdomsmobilitet i Europa.

5. Verne og fremje kulturelt mangfald

Respekt for, og fremjing av, kulturelt mangfald på grunnlag av Europarådets verdiar er avgjerande føresetnader for å kunne utvikle eit samfunn grunna på solidaritet. Europarådet vil derfor utvikle strategiar for å handtere og fremje kulturelt mangfald og samtidig sikre utjamning i samfunnet. Vi ser positivt på at UNESCO har vedteke ein konvensjon om kulturelt mangfald.

Vi vil fremje dialog om rolla til kulturen i Samtids-Europa og definere måtar å støtte mangfald og artistisk kreativitet på, og samtidig forsvare kulturen som verdileverandør. Det vil verte teke steg for å styrkje tilgangen til kulturverk og kulturarv ved å fremje kulturelle aktivitetar og utvekslingar.

6. Fremje tverrkulturell dialog

Vi skal systematisk oppmuntre til tverrkulturell og tverreligiøs dialog, grunna på universelle menneskerettar, som eit middel til å fremje medvit, forståing, forsoning og toleranse, og til å førebygge konflikthar og sikre integrering og utjamning i samfunnet. Aktiv deltaking av det sivile samfunnet i denne dialogen, som både menn og kvinner bør kunne delta i på like fot, må sikrast. Spørsmål som kulturelle og religiøse minoritetar står overfor, kan ofte best handsamast på lokalt plan. Derfor ber vi Kongressen for lokale og regionale styresmakter delta aktivt i desse spørsmåla og fremje bestepraktisar.

Vi vil styrkje samarbeid og samordning både innanfor Europarådet og med andre regionale og internasjonale institusjonar. For å oppnå dette skal det oppnemnast ein samordnar for tverrkulturell dialog innanfor Europarådet for i samarbeid med eksisterande strukturar å overvake gjennomføringa av dei praktiske programma til organisasjon og sikre samordning med andre institusjonar.

Vi er overtydde om at dialogen mellom kulturar også vert styrkt av ei nøyaktig forståing av historia,

og støttar Europarådets arbeid med historieundervisning og skylde prosjekt, og vedtek å intensivere freistnadene våre i denne retninga. Vi oppmodar det sivile samfunnet til å delta meir aktivt i dette arbeidet.

Vi er forplikta til ein ny dialog mellom Europa og granneregionane – landa sør for Middelhavet, Midtausten og Sentral-Asia – grunna på dei ovannemnde prinsippa. Vi rosar arbeidet som Nord-sør-senteret har gjort for å fremje denne dialogen, samt oppgåva som senteret har med å fremje europeisk medvit om tverrkulturelle spørsmål og utviklingsspørsmål.

7. Fremje idrett

Vi legg stor vekt på den effektive gjennomføringa av antidopingkonvensjonen og den europeiske konvensjonen om tilskodarvald og upassande åtferd på idrettsarrangement og særleg på fotballkampar, som er referansetekster i folkeretten. I tråd med ministerkomiteens tilråding R(99)9 om idretten si rolle i fremjinga av sosial utjamning tilrår vi at Europarådet skal halde fram med aktivitetane sine, som tener som referansar på idrettsområdet.

8. Handtere migrasjon

Vi er klar over at folkevandringar innanfor Europa og frå andre kontinent til Europa er viktige. Å handtere denne migrasjonen er ei stor utfordring for Europa på 2000-talet. Vi meiner derfor at Europarådet bør vidareføre aktivitetane sine på dette området, i samarbeid med Den europeiske unionen, for å medverke til ei meir balansert handtering av migrasjon i heile Europa.

IV – Fremje samarbeid med andre internasjonale og europeiske organisasjonar og institusjonar

Vi er sterkt forplikta til å sikre nært samarbeid og samordning når det gjeld internasjonale tiltak, særleg på den europeiske scena. Europarådet, Den europeiske unionen og OSSE vil derfor arbeide med auka synergi og komplementaritet på grunnlag av si respektive mynd og sakkunne.

1. Tilhøvet til Den europeiske unionen

Med tanke på det viktige tilskotet som Europarådet har ytt til demokrati, utjamning og stabilitet i Europa, oppmodar vi Europarådet til

- å styrkje tilhøvet sitt til Den europeiske unionen slik at Europarådets og Den europeiske unionens resultat og framtidige arbeid med å setje standardar vert teke omsyn til, når det passsar, i kvarandre sine aktivitetar,

- å styrkje samarbeidet med Den europeiske unionen på området menneskerettar og grunnleggjande fridomar, fremjing av pluralistisk demokrati og rettstryggleik,
- å styrkje samarbeidet med Den europeiske unionen på område av felles interesse, særleg på det rettslege området, det kulturelle området, ungdomsområdet og det sosiale området, mellom anna når det gjeld sams program og samarbeid med spesialorgan under Europarådet, til dømes Venezia-kommisjonen, Komiteen for forebygging av tortur, Gruppa av statar mot korrupsjon, Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse, Kommissæren for menneskerettar og Den europeiske kommisjonen for effektivitet i rettsstellet.

På grunnlag av dei vedlagde retningslinene vil det verte utarbeidd eit utkast til ei programerklæring mellom Europarådet og Den europeiske unionen for å skape ei ny ramme for styrkt samarbeid og politisk dialog. Det bør særleg fokuserast på korleis Den europeiske unionen og medlemsstatane i unionen kan gjere betre bruk av dei tilgjengelege instrumenta og institusjonane til Europarådet, og på korleis alle medlemene i Europarådet kan dra fordel av nærare samband med Den europeiske unionen.

2. Tilhøvet til OSSE

Vi oppmodar Europarådet til å trappe opp og rasjonalisere samarbeidet med OSSE på grunnlag av dei spesifikke oppgåvene og komparative føremønene dei har, og samtidig unngå dobbeltarbeid. Særleg oppmodar vi til nærare samarbeid med OSSE på dei områda som samordningsgruppa har prioritert, og som seinare er vedtekne av dei styrande organa i dei to organisasjonane, som byrjar med kampen mot terrorisme, vern av rettane til personar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar, tiltak mot handel med menneske og fremjing av toleranse og ikkje-diskriminering.

I denne samanhengen ynskjer vi velkomen den vedlagde felleserklæringa om styrkt samarbeid mellom Europarådet og OSSE.

3. Tilhøvet til Dei sameinte nasjonane

Vi oppmodar Europarådet til å trappe opp samarbeidet med Dei sameinte nasjonane og dei underliggjande spesialorgana både for å fremje dei universelle verdiane på menneskerettsområdet, som medlemslanda i Europarådet deler, og for å nå tusenårsmåla til Dei sameinte nasjonane i Europa, særleg målet om at alle skal ha rett til å bu i eit balansert og sunt miljø.

V – Gjennomføre handlingsplanen: eit ope og effektivt europaråd

Vi pålegg ministerkomiteen å gjere tiltak for å sikre at denne handlingsplanen vert gjennomført raskt av dei ulike organa i Europarådet, eventuelt i samarbeid med andre europeiske eller internasjonale organisasjonar.

Som ei høgt prioritert oppgåve pålegg vi ministerkomiteen og generalsekretæren, med hjelp frå uavhengige sakkunnige, å gje ny framdrift til prosessen med reform av organisasjonsstrukturane og arbeidsmetodane til Europarådet. Prosessen skal byggje på arbeid som alt er i gang, og ta sikte på at organisasjonen skal vere effektiv i høve til målsetjingane sine, samtidig som det må takast budsjettmessige omsyn. Det bør leggjast særleg vekt på tiltak som vil sikre ytterlegare openskap og kostnadseffektivitet samt internt samarbeid og kunnskapsdeling.

Denne reformprosessen vil vere føremål for jamlege framdriftsrapportar til ministerkomiteen. Han skal drøftast på ministermøtet i mai 2006

Undervedlegg 1

Retningslinjer for tilhøvet mellom Europarådet og Den europeiske unionen

1. Europarådet og Den europeiske unionen grunnar tilhøvet mellom seg på alle saker av felles interesse, særleg fremjing og vern av pluralistisk demokrati, respekt for menneskerettar, grunnleggjande fridomar og rettstryggleik, politisk og rettsleg samarbeid, sosial utjamning og kulturell utveksling. Desse felles verdiane dannar grunnlaget for den demokratiske stabiliteten og tryggleiken som samfunna og borgarane våre søkjer, og medverkar til større utjamning i Europa og fremjar allmenn einskap.
2. Styrkt partnerskap og komplementaritet bør styre det framtidige tilhøvet mellom Europarådet og Den europeiske unionen for å styrkje det praktiske samarbeidet på alle område av felles interesse.
3. Den felles målsetjinga om eit Europa utan nye skiljelinjer kan best tenast ved å gjere høveleg bruk av normene og standardane samt røynsla og sakkunna som er utvikla i Europarådet i eit halvt hundreår.
4. Ei snarleg tilmelding av Den europeiske unionen til den europeiske menneskerettskonven-

sjonen ville medverke sterkt til å sikre samanheng på menneskerettsområdet i Europa. Det førebunde arbeidet bør trappast opp slik at denne tilmeldinga kan finne stad så snart som mogleg etter at grunnlovstraktaten har teke til å gjelde. Omsyn teke til mynda til Det europeiske fellesskapet bør tilmelding til andre av Europarådet sine konvensjonar og involvering av Europarådet sine mekanismar vurderast på grunnlag av ein detaljert gjennomgang.

5. Det rettslege samarbeidet mellom Europarådet og Den europeiske unionen bør halde fram og utviklast vidare slik at det vert nyttig og høveleg til gagn for alle europeiske borgarar, mellom anna ved å ta sikte på større komplementaritet mellom dei rettslege tekstene til Den europeiske unionen og dei rettslege tekstene til Europarådet. Den europeiske unionen skal gjere sitt beste for å innarbeide i EU-retten dei aspekta i europarådskonvensjonane som ligg innanfor si mynd.
6. Europarådet vil, på grunnlag av den sakkunna det har, og gjennom sine ulike organ, framleis gje støtte og råd til Den europeiske unionen, særleg på områda menneskerettar og grunnleggjande fridomar, demokrati og rettstryggleik.
7. Samarbeidet mellom Den europeiske unionen og spesialorgan under Europarådet bør styrkjast. Den europeiske unionen skal særleg nytte seg fullt ut av Europarådets sakkunne på område som menneskerettar, informasjon, cyberkriminalitet, bioetikk, ulovleg handel og organisert kriminalitet, når det trengst tiltak på område der Europarådet har kompetanse.
8. Når menneskerettskontoret til Den europeiske unionen vert skipa, bør dette vere eit høve til å auke samarbeidet med Europarådet ytterlegare og medverke til større samanheng og styrkt komplementaritet.
9. Med tanke på at Europarådet og Den europeiske unionen har eit felles mål om å styrkje den demokratiske stabiliteten i Europa, bør dei intensivere den felles innsatsen for å skape betre alleuropeiske tilhøve, medrekna ytterlegare samarbeid i dei landa som deltek i Den europeiske unionens grannelagspolitikk og stabiliserings- og assosieringsprosessar.
10. For å få ei kvalitativ forbetring i tilhøvet bør begge organisasjonane arbeide for felles aktivitetar når dei tilfører verdi til dei respektive freistnadene sine. Den europeiske unionen og Europarådet bør samrå seg jamleg på alle høvelege plan, medrekna det politiske planet, for å gjere betre bruk av kvarandre si aktuelle

sakkunne. Slike samråd ville føre til betre samordning av politikk og tiltak og til ytterlegare overvaking av pågåande samarbeid. Dessutan bør nærveret til Den europeiske unionen styrkjast ved at det vert skipa eit fast kontor til Europarådet så snart som mogleg.

Undervedlegg 2

Erklæring om samarbeid mellom Europarådet og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa

Medlemsstatane i Europarådet og deltakarstatane i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa - som minnest vedtaka som vart gjorde i desember 2004 av Europarådets komité av faste representantar (nr. CM/865/01122004) og det faste rådet i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (nr. 637), som erkjenner trongen for å tilpasse tilhøvet mellom dei to organisasjonane til det framveksande internasjonale miljøet, med tilbørleg respekt for måla og prinsippa som er nedfelte i Europarådets vedtekter og OSSE-pakta for europeisk tryggleik og andre omsamde dokument og vedtak frå begge organisasjonane, som har sett seg føre å arbeide for eit heilt og fritt Europa utan skiljelinjer og grunna på delte verdier og ei felles forplikting til demokrati, respekt for menneskerettar, rettstryggleik, full tryggleik, sosial rettferd og marknadsøkonomi, som er overtydde om at for å nå denne målsetjinga må dei to organisasjonane samarbeide nærare for å finne fram til effektive samordna svar på trugsmåla og utfordringane på 2000-talet på grunnlag av prinsippa om komplementaritet, openskap og demokratisk ansvar samtidig som sjølvstyret, ulikt medlemskap og dei særskilte oppgåvene til kvar organisasjon vert respekterte, som er fastrådde på å grunne dette styrkte samarbeidet på Europarådets gjeldande rett og OSSEs politiske forpliktingar, som ynskjer velkomen arbeidet som er påbyrja av samordningsgruppa som vart oppnemnd i desember 2004, som illustrerer forpliktinga som medlems- og deltakarstatane har til styrkt samarbeid mellom dei to organisasjonane - oppmodar samordningsgruppa til i arbeidet sitt å prioritere utforming av konkrete tilrådingar om korleis ein kan fremje samordning og samarbeid mellom dei to organisasjonane på område av felles interesse og samtidig ta omsyn til arbeidet til organisasjonane på området og byrje med spørsmål som gjeld kampen mot

terrorisme, vern av rettane til personar som tilhøyrer nasjonale minoritetar, nedkjemping av handel med menneske samt fremjing av toleranse og ikkje-diskriminering, er for dette føremålet samde om at det bør utgreiast ulike former for samarbeid mellom dei to organisasjonane, til dømes fellesmøte og fellesaktivitetar, med meir aktiv deltaking frå medlems- og deltakarstatane, for å skape synergiverknader og unngå unødig dobbeltarbeid, samtidig som det likevel vert teke fullt omsyn til at dei to organisasjonane er av ulik art og har ulik med-

lemsskap, og for å gjere best mogleg bruk av dei komparative føremonene deira, ber om betre samordning innanfor dei nasjonale forvaltingane i medlems- og deltakarstatane for å sikre at dei ovannemnde prinsippa vert effektivt gjennomførde, vedtek å leggje denne erklæringa fram for både parlamentarikarforsamlinga i Europarådet og parlamentarikarforsamlinga i OSSE og ville sett med glede på om dei ville styrkje samarbeidet mellom dei to forsamlingane.

Vedlegg 3**Tale av statsminister Bondevik til det tredje toppmøtet
i Warszawa 16. mai 2005**

President, eksellensar, damer og herrar

Dei europeiske landa har ein felles arv. Vi har ein åndeleg og intellektuell arv frå dei store antikke middelhavskulturane. Frå Athen har vi demokratiet, frå Roma rettsstaten, frå Jerusalem dei menneskelege verdiane i jødedommen, kristendomen og islam. Grunnprinsippet i denne arven er respekt for menneskeverdet. Å verne og fremje menneskeverdet er hovudoppgåva til Europarådet.

I tala mi vil eg rette søkjelyset mot fire sett av europeiske kjerneverdier. For det første menneskeverd og dermed menneskerettar. For det andre solidaritet og nestekjærleik. For det tredje toleranse og mangfald. For det fjerde demokrati. Europarådet er ein viktig byggjestein i det europeiske byggverket av institusjonar. Vi har mykje å vinne på å samarbeide nærare med EU og OSSE. Vi må syte for at alle desse tre organisasjonane samarbeider og samordnar arbeidet sitt og ikkje tevlar med kvarandre.

For det fyrste: Dersom vi skal lukkast med dette, må vi fokusere på kjerneaktivitetar og på område der Europarådet verkeleg kan gjere noko for å fremje menneskeverdet. Den mest påtregjande oppgåva er å sikre at Den europeiske menneskerettsdomstolen held fram med å vere ein effektiv reiskap for å fremje menneskerettane. Derfor ber eg dykk alle om å ratifisere protokoll 14 før året er omme, og å gjennomføre dei reformene som trengst for å få gjennomført konvensjonen på nasjonalt plan. Vi må syte for at vismannsgruppa er uavhengig og samansett av røynde personar, slik at ho kan vere med og tryggje framtida for menneskerettssystemet på lang sikt. Det er vi, medlemsstatane, som kan få det til. Dette er organisasjonen vår, og vi må oppfylle dei skyldnadene som vi har teke på oss, og dei måla som vi har sett oss.

For det andre, når det gjeld solidaritet og nestekjærleik: Den europeiske samfunnsmodellen byggjer på sosial utjamning, grunna på nestekjærleik. Solidariteten vår må strekkje seg lenger enn til dei vi lett kan identifisere oss med. Vi må gjere som den miskunnsame samaritanen og vere solidariske med dei som er på utsida av vårt eige samfunn, dei

som tenkjer og ter seg heilt annleis enn vi gjer. Ein solidaritet som ikkje omfattar dette, ber i seg kimen til utstøyting.

For det tredje, kor viktig det er med toleranse og mangfald: Dessverre har det i samfunnet vårt utvikla seg ein viss grad av toleranse for utstøyting. Men vi kan ikkje berre lene oss tilbake og godta dette. Vi må arbeide for eit integrerande samfunn. Eit samfunn der alle vert verdsette fordi dei har ein eigenverdi som menneske, og der alle kjenner seg som ein verdsett del av samfunnet. Vi må sikre like rettार for grupper som står i fare for å falle utanfor, til dømes eldre, menneske med funksjonshemmingar og medlemmer av minoritetar.

Avlidne pave Johannes Paul II sa: «Ordet 'Europa' må få same tyding som 'openskap'». Han minte oss om at Europa har utvikla seg gjennom møte mellom ulike folkeslag og kulturar. Det kulturelle mangfaldet i Europa veks fortare enn nokon gong. Jamvel land med tradisjonelt einsarta folkesetnad, som mitt eige, er i ferd med å verte meir fleirkulturelle. Det gjev store opningar. For å kunne utnytte desse må vi fremje samforståinga mellom folkegrupper med ulik etnisk, kulturell og religiøs tilhøyrsl. Men vi må ikkje la desse skilnadene verte misbrukte. Vi har sett dramatiske følgjer av dette i form av terrorisme og rasistisk motivert vald, men òg i meir daglegdagse former som diskriminering på bustad- og arbeidsmarknaden. Vi må kjempe mot framandfrykt. Vi må fremje toleranse og respekt for kvarandre. Dessverre veks talause born over heile verda opp i ein atmosfære av hat og intoleranse, og mange vert dessutan nekta grunnleggjande menneskerettar. Vi må lære borna våre å ha medynk med og omtanke for andre. Vi må hjelpe dei til å ikkje ottast dei som er annleis. Skulane våre må fremje toleranse og forståing. Dei må opplyse elevane om dei ulike kulturane og religionane på ein grundig og systematisk måte. Eg er svært nøgd med at desse tankane er nedfelte i handlingsplanen.

For det fjerde: Europa står for demokrati. Folkemeininga er viktig for eit velfungerande demokrati. Det er innlysande at all politikkutforming må

vere føremål for offentleg gransking og ordskitte. Men slik er det ikkje alle stader i Europa i dag. Dette er ei utfordring vi må ta. Alle må ha høve til å påverke kva som skjer i samfunna våre.

På dette toppmøtet forpliktar vi oss ikkje berre sterkare og djupare til å følgje opp kjerneverdiane våre. Vi legg òg viktige nye dimensjonar inn i arbeidet for eit meir humant Europa, eit Europa som har omsut for alle innbyggjarane sine. Vi aukar innsatsen for jamstilling mellom kjønna. Vi tek opp kampen mot vald i heimen og vald mot kvinner og born. Og vi forpliktar oss til å kjempe mot endå eit trugs-mål mot grunnverdiane våre: menneskehandel. Vi har ein skyldnad til å verne om menneskeverdet og fridomen til individet, og dermed til å få slutt på denne forma for slaveri. Nesten to hundre år etter at det britiske parlamentet vedtok å stogge slavehandelen i det britiske imperiet, blømer dessverre

denne handelen enno her i Europa! Eg bed dykk alle om å skrive under konvensjonen om tiltak mot menneskehandel og å ta i bruk dei midla som må til for å få slutt på denne styggedomen.

Vi lever i eit Europa som endrar seg snøgt. Der-som Europarådet framleis skal kunne spele ei avgjerande rolle når det gjeld å forsvare og fremje menneskerettane og menneskeverdet, må det vere innstilt på reform og endring. Rådet må halde fram med å fremje god styring og kjempe mot korrupsjon. Det må halde fram med å fremje demokrati og rettferd, slik at vanlege borgarar kan delta i samfunnet på like vilkår.

Om Rådet rettar søkjelyset mot dei europeiske kjerneverdiane og fokuserer på dei felte det har mest sakkunne på, vil det verte styrkt som eit system for alleuropeisk samarbeid. Vi treng Europarådet, og det lyt vere så effektivt som råd!

Vedlegg 4**Medlemsland i Europarådet i 2005**

<i>Land</i>	<i>Opptaksdato</i>	<i>Land</i>	<i>Opptaksdato</i>
Albania	13. juli 1995	Makedonia	9. november 1995
Andorra	10. november 1994	Malta	29. april 1965
Armenia	25. januar 2001	Monaco	5. oktober 2004
Aserbajdsjan	25. januar 2001	Moldova	13. juli 1995
Austerrike	16. april 1956	Nederland	5. august 1949
Belgia	8. august 1949	Noreg	30. juli 1949
Bosnia-Hercegovina	24. april 2002	Polen	26. november 1991
Bulgaria	7. mai 1992	Portugal	22. september 1976
Danmark	14. juli 1949	Romania	7. oktober 1993
Estland	14. mai 1993	Russland	28. februar 1996
Finland	4.mai 1989	San Marino	16. november 1998
Frankrike	4. august 1949	Serbia og Montenegro	3. april 2003
Georgia	27. april 1999	Slovakia	30. juni 1993
Hellas	9. august 1949	Slovenia	14. mai 1993
Irland	2. august 1949	Storbritannia	26. juli 1949
Island	7. mars 1950	Spania	24. november 1977
Italia	3. august 1949	Sveits	6. mai 1963
Kroatia	6. november 1996	Sverige	20. juli 1949
Kypros	24. mai 1961	Den tjekkiske republikken	30. juni 1993
Latvia	10. februar 1995	Tyrkia	13. april 1949
Liechtenstein	23. november 1978	Tyskland	30. juli 1959
Lituaen	14. mai 1993	Ukraina	9. november 1995
Luxembourg	3. august 1949	Ungarn	6. november 1990

Vedlegg 5

Rettsakter som Noreg har slutta seg til frå 1. januar 2005 til 31. desember 2005

1 Europarådstraktatar

Underteikning

- | | |
|-----------------|--|
| 25. januar 2005 | Tilleggsprotokoll til konvensjonen om menneskerettar og bio-medisin, om biomedisinsk forskning, CETS nr. 195 |
| 16. mai 2005, | Europarådets konvensjon mot menneskehandel, CETS nr. 197. |

Ratifikasjon

- | | |
|-----------------|---|
| 16. august 2005 | Protokoll 13 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) om avskaffing av dødsstraff i alle høve, CETS nr. 187 |
|-----------------|---|

Traktatar som har teke til å gjelde for Noreg i 2005

- | | |
|------------------|---|
| 2. desember 2005 | Tilleggsprotokoll til den europeiske konvensjonen om vern av dyr som blir brukte til forsøks- og forskningsformål, CETS nr. 170 |
| 1. desember 2005 | Protokoll 13 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) om avskaffing av dødsstraff i alle høve, CETS nr. 187 |
| 1. februar 2005 | Tilleggsprotokoll til Strafferettsleg konvensjon mot korrupsjon, CETS nr. 191 |

Oppseiing av tilslutning til konvensjonar

- | | |
|-------------------|--|
| 3. september 2005 | Oppseiing av konvensjon om vern av dyr i internasjonal transport, CETS nr. 065, får verknad. |
|-------------------|--|

2 Tilrådingar frå ministerkomiteen

Tilrådingar, generelle

- Rec(2005)13E / 7. desember 2005 Tilråding frå ministerkomiteen til medlemsstatane om forvaltning og skjøtsel av universitetsarven (vedteken av ministerkomiteen 7. desember 2005 på det 950. møtet mellom ministerrepresentantane)
